



KSK-notat nr.: 13/2014 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Døsjagrovi Kraftverk BA/Døsjagrovi kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Luster		
Ansvarleg:	Øystein Grundt	Sign.	
Sakshandsamar:	Magne Geir Verlo	Sign.:	
Dato:	08 APR 2014		
Vår ref.:	NVE 200705134-39 kv/mgv		
Kopi:	Alle som har uttalt seg i saka		

Søknad om løyve til å bygge Døsjagrovi kraftverk i Luster kommune i Sogn og Fjordane

Innhald

Samandrag	1
Søknad	2
Høyring og distriktshandsaming	6
Søklar sine kommentarar til innkomne uttalar	29
NVE si vurdering	40
NVE sin konklusjon	48
Forholdet til anna lovverk	48
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	50
Andre forhold	53

Samandrag

Døsjagrovi Kraftverk BA har søkt om løyve etter vassressurslova § 8 til å bygge Døsjagrovi kraftverk i Luster kommune. Elva Døsjagrovi har tidlegare vore utnytta til kraftproduksjon både ovanfor Harastølen og mellom Harastølen og fjorden. Desse kraftverka har vore ute av drift ei tid, og Luster Energiverk har gått saman med Harastølen AS og fremja eit utbyggingsprosjekt som utnyttar heile fallet mellom Røssete (ca kote 744) og fjorden i det nye Døsjagrovi kraftverk. Det er utrekna ein produksjon på om lag 19 GWh/år. I søknaden vert det lagt opp til at reguleringa av Hellestvatn med tapping til inntaket på Røssete skal halde fram som i dag. Det er i dag tre mini-/mikrokraftverk på utbyggingsstrekninga.

Lokale og regionale styresmakter er positive til utbygginga, medan interesseorganisasjonar og dels private går i mot plassering av ny kraftstasjon i tilknytning til eksisterande kraftstasjon. Fleire private hentar grunnvatn i området rundt Døsjagrovi, og er uroa over om redusert vassføring i elva vil påverke vasskjeldene i negativ lei.

Konsekvensane for naturmiljøet vert vurdert som små med omsøkte løysing. Landskapsmessig er Døsjagrovi lite synleg i nærmiljøet, men viser meir att frå fjorden og grendene på den andre sida av

Lustrafjorden. Etter NVE si vurdering kan nedgraving av rørgate saman med eventuelle stikkveggar frå Harastølsvegen medføre til dels store inngrep, særleg i nedre del av den skogkledde lisida. Inngrep som dels vert forsterka med etablering naudsynte hjelpeanlegg i det relativt bratte terrenget i nedre del. NVE meiner derfor at det i nedre del skal leggst rørgate ved hjelp av taubane, eller at vassvegen vert etablert med boring/borem metode for mindre tverrsnitt.

Med krav om at nedre del av rørgata vert lagt med taubane, eventuelt bora vassveg, finn NVE ikkje grunn til å gå i mot søknaden ut frå landskapsmessige tilhøve.

NVE vurderer vidare at omsøkt kraftstasjonsplassering er planlagt på eit noko avgrensa areal og nært inntil dels særigne bygningar som i dag må oppfattast til ha kulturminneverdi knytt til sin tidsepoke. Plassering av nytt kraftverket på eksisterande tomt gjer at driftsvatnet må først direkte i fjorden.

NVE meiner verknadene ved omsøkt løysing er akseptable, men dei negativ konsekvensane kan reduserast ytterlegare ved alternativ plassering av kraftstasjonen nærmare Døsjagrovi. Driftsvatnet kan tilbakeførast til den nedre og flate delen av Døsjagrovi, og vil etter NVE sitt syn medverke til at elva framstår som eit landskapselement i nærmiljøet og kulturlandskapet. Dette samanhalde med omsynet til eksisterande kulturhistoriske bygningar og busetnad tilseier at arbeidet med ei alternativ plassering av kraftstasjonen bør takast opp på nytt, herunder vassveg som borhol på nedre del.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane med omsøkte tiltak er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt og NVE gjev Døsjagrovi Kraftverk BA løyve til bygging av drift av Døsjagrovi kraftverk etter vassressurslova § 8 på nærmare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Døsjagrovi Kraftverk BA, datert 24.04.2007:

"Døsjagrovi Kraftverk BA ynskjer å nytte vassfallet i Døsjagrovi i Luster kommune i Sogn og Fjordane, og søker med dette om følgjande løyve:

1. *Etter vassressurslova § 8 om løyve til:*
 - *å bygge Døsjagrovi kraftverk med installert effekt inntil 4,95 MW*
2. *Etter energilova om løyve til:*
 - *å installere ein generator på 4,95 MW med elektrisk anlegg*
 - *å installere naudsynt koplingsanlegg for kabletilknyting*
 - *bygging og drift av Døsjagrovi kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg for kabeltilknyting som omtala i søknaden. "*

Døsjagrovi kraftverk hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km ²	10,25
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	17,1
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	-
Middelvassføring	l/s	540
Alminneleg lågvassføring	l/s	20
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	326
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	35
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	744
Avløp	moh.	3
Lengde på aktuell elvestrekning	m	2100
Brutto fallhøgde		741
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	1,67
Slukeevne, maks	l/s	820
Minste driftsvassføring	l/s	40
Tilløpsrør, diameter	mm	600
Tunell, tverrsnitt	m ²	-
Tilløpsrør, lengde	m	2230
Installert effekt, maks	MW	4,95
Brukstid	timar	3970
MAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	1,15
HRV	moh.	1115,0
LRV	moh.	1112,4
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	5,2
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	14,4
Produksjon, årleg middel	GWh	19,6
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad pr 2007	mill.kr	42,3
Utbyggingspris	kr/kWh	2,16

Døsjagrovi kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR		
Yting	MVA	5,5
Spenning	kV	6,6
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	6,9
Omsetning	kV/kV	6,6 / 22
NETTILKNYTING		
Jordkabel		
Lengde	m	50
Nominell spenning	kV	22

Om søkjar

Døsjagrovi Kraftverk BA er eit selskap under stifting (SUS) der formålet er utbygging og drift av Døsjagrovi kraftverk. Eigarane av selskapet vil vere det kommunalt eigde Luster Energiverk AS og det private selskapet Harastølen AS.

Bakgrunn for søknaden

Luster Energiverk AS og Harastølen AS har inngått avtale om utvikling av eit kraftverksprosjekt i Døsjagrovi basert på at store deler av vassdraget tidlegare har blitt nytta til energiproduksjon.

Det er i dag tre mini-/mikrokraftverk som utnyttar ulike delstrekningar i Døsjagrovi, og to av desse er eigd av Harastølen. Alle tre kraftverka er vurdert som ikkje konsesjonspliktige etter vassressurslova, og samla energiproduksjon for anlegga, basert på opplysningane i samband med konsesjonsplikt-vurderinga, ligg i overkant av 2 GWh/år.

Ved eventuell utbygging av Døsjagrovi kraftverk vil minikraftverka eigd av Harastølen AS bli utfasa. Mikrokraftverket i nedre del av elva misser ein vesentleg del av produksjonsvatnet.

Skildring av området

Døsjagrovi renn ut i Lustrafjorden om lag 12 km nordaust for kommunesenteret Gaupne. Elva har sitt utspring i Hellesetvatnet på kote 1115, og ned til fjorden utgjer elvestrengen ei lengd på om lag 7 km. Elva renn i ei austvendt lisse som er bratt opp til om lag kote 700. Over skoggrensa og opp til Hellesetvatnet blir landskapet meir ope og terrenget har større samanhengande flater. Nede ved fjorden passerer elva spreidd busetnad og jordbruksareal. I den skogkledd lia dominerer lauvskogen med innslag av barskog.

Teknisk plan

Regulering

I utløpet av Hellesetvatnet er det bygd ein steindam med største høgd ca 4,7 m og lengde omkring 21 m. Dammen skriv seg frå omkring 1912 og vatnet har blitt regulert og tappa for vasstilførsel til tidlegare kraftverk og drikkevassforsyning i bygda. Magasinet er manuelt regulert.

Ein naturleg terskel ligg neddemt inne i magasinet og medfører at senkinga vert avgrensa til om lag 2,6 m. Magasinvolumet er utrekna til om lag 1,15 mill m³.

Søkjar opplyser at eksisterande tappingsregime frå Hellesetvatnet skal leggjast til grunn for Døsjagrovi kraftverk.

Inntak

Ei utbygging av Døsjagrovi kraftverk legg opp til å nytte eksisterande inntaksbasseng som ligg på kote 744 og som har vore nytta for tidlegare kraftverk. Det er skissert ei ombygging av inntaksarrangementet som mellom anna inneber heving av eksisterande overløpsterskel med inntil 1,5 m. Formålet er å auke vassvolumet i inntaksbassenget og redusere faren for ising. Vassvolumet i bassenget vil auke frå 500 til omkring 900 m³.

Røyrgate

Tilløpsrøret for kraftverket med diameter 600 mm er planlagt nedgravd nedover lissida på ei strekning i overkant av 2200 m. Øvst er rørgata synt med trasé på nordsida av Døsjagrovi, medan den vil krysse

elva omkring kote 500 og gå på sørsida av elva ned til kraftstasjonen. I nedre del vil rørgata krysse Frudamsgrovi.

Kraftstasjon

Eksisterande kraftstasjon ligg ved rv 55 om lag 180 m sør for Døsjagrovi sitt utløp i fjorden. Det er primært søkt om å føre opp ny kraftstasjonsbygning på tomte til den gamle kraftstasjonen. Grunnflata vil bli 70 – 80 m² med arkitektur tilpassa eksisterande bygningsmiljø. I kraftstasjonen skal det plasserast ein Peltonturbin med maksimal slukeevne 820 l/s og effekt inntil 4,95 MW.

Det er skissert eit alternativ med å bygge ny kraftstasjon i tilknytning til eksisterande kraftstasjonsbygning, men søkjar meiner det verken er arkitektonisk ønskjeleg eller formålsteneleg å kople eit nytt bygg til kraftstasjonen frå 1915.

Eit ytterlegare alternativ går ut på å bygge om den nedlagde endestasjonen for taubana til Harastølen. Denne bygningen ligg like nedanfor eksisterande kraftstasjon mellom rv 55 og fjorden.

Nettilknytning

Eksisterande 22-kVkraftlinje passerer like ved aktuell kraftstasjonstomt og produsert energi vil bli overført til denne linja gjennom ein 30 m lang kabel.

Veg

Den kommunale vegen frå rv 55 til Harastølen saman med privat skogsveg som går opp til inntaket på Røssete vil vere hovudvegane ved ei eventuell utbygging. Søknaden skisserer bygging av midlertidige vegstubar frå eksisterande vegnett og fram til rørgatetrasé i samband med legging av rørgata.

Massetak og deponi

Massar til omfylling av rørgate skal tilkøyrast utanfrå, medan oppgravne massar i hovudsak vil bli arrondert som terreng i rørgatetraséen.

Det er ikkje kalkulert med overskot av massar i et slikt omfang at det vert naudsynt med særskilt massedeponi.

Arealbruk og eigedomsforhold

I søknaden er det overslagsmessig vurdert at tiltaket vil påverke om lag 23 daa der ca 22 daa gjeld areal for rørgate, som vil vere midlertidig omdisponert i samband med anleggsperioden. Dette arealet vil deretter i hovudsak bli tilbakeført til utmarksareal. Permanent omdisponering vil derfor gjelde areal knytt til kraftstasjon og utviding av inntaksbasseng på Røssete.

Fallrettane i øvre del av prosjektområdet tilhøyrer Harastølen, og i nedre del forvaltar Luster Energiverk, som rettsetterfølgjar etter Luster Kraftlag, rettar og gjeldande avtalar med grunneigarar.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Omsøkte prosjekt ligg i LNF-område i kommuneplanen for Luster. Kommunen signaliserer i sin uttale at dei ønskjer utarbeidd ein reguleringsplan for kraftstasjonsområdet ved eventuell konsesjon.

Samla plan (SP)

Døsjagrovi har ikkje vore vurdert i Samla Plan ettersom den første utnyttinga av vassdraget til energiproduksjon starta for meir enn 100 år sidan.

Verneplan for vassdrag, andre verneområde og nasjonale laksevassdrag

Døsjagrovi inngår i ikkje i verneplan for vassdrag eller andre område verna etter særlov.

Vassdraget inngår heller ikkje i nasjonale laksevassdrag.

Inngrepsfrie område (INON)

Som følge av eksisterande inngrep knytt til dam/regulering i Hellestvatnet vil Døsjagrovi kraftverk ikkje medføre endringar i INON-areal.

Kommunale planar for småkraftverk

Luster kommunen har utarbeidd og vedteke kommunedelplan for småkraftverk i 2007. I denne planen er Døsjagrovi omtalt og området Høyheimsvik, som Døsjagrovi er ein del av, er gjeve middels konfliktnivå i høve allmenne interesser. Det er for dette området særleg peika på mogleg konflikt med kulturminne og turisme.

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort i regional avis og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale og regionale styresmakter og interesseorganisasjonar. Involverte partar er via søkjar gjort kjent med at saka har vore lagt ut til høyring og fått høve til å gje uttale. NVE gjennomførte sluttsynfaring i området i juni 2010 der alle som har uttalt seg til saka var invitert. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringsuttalane er referert nedanfor, men kan vere noko nedkorta i den grad innhaldet har mindre relevans for saka. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider.

NVE har motteke følgjande uttalar til søknaden:

Luster kommune, vedtak i kommunestyret 20.09.2007:

"Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Døsjagrovi kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg.

For ivaretaking av viktige interesser i utbyggingsområdet må det knytast vilkår til konsesjon:

- 1. NVE må føreta ei grundig vurdering av omsøkt minstevassføring, om den er tilstrekkeleg for å sikra vassforsyning for husvatn og jordbruksvatning på begge sider av vassdraget.*
- 2. Tidlegare inngådde avtalar om vassrettar i området må oppfyllest på forsvarleg måte.*
- 3. Plassering av kraftstasjon må avklarast ved utarbeiding av reguleringsplan.*

Luster kommunestyre viser til reglane i § 9 - 1 i plan- og bygningslova, og godkjenner at Døsjagrovi Kraftverk BA set i gang (privat) reguleringsarbeid for å sikre ei heilskapleg løysing for området rundt planlagd kraftstasjon på Døsen, jf søknad av 27.08.09."

Vurdering:

Konsulentene sine vurderingar og omtale av miljøkonsekvensar av ei utbygging synest å vera korrekte så langt administrasjonen har vore i stand til å etterprøva dei. Vassdraget er tidlegare regulert. Ei ny utbygging vil ikkje ha konsekvensar for inngrepsfrie naturområde. Dei planlagde avbøtande tiltaka vil i forsvarleg grad ivareta dei fleste miljøomsyna.

Det knyter seg likevel uvisse til konsekvensane ei redusert vassføring i elva vil føra med seg for vassforsyning til bustadeigedomar og jordbruksvatning på begge sider av vassdraget.

NVE bør vurdere ei alternativ plassering av kraftstasjonen ovanfor Døsjatunet. Ei slik plassering vil redusere fallhøgda omlag 50 m, men kan vera mindre konfliktfylt i høve andre interesser.

Dersom kraftstasjonen vert plassert nede ved riksvegen, må detaljløysinga for det planlagde stasjonsområdet avklarast gjennom ein reguleringsplan.

Andre tiltak i samband med utbygginga lengre oppe i tiltaksområdet, som ikkje er i tråd med arealbruksføremålet i kommuneplanen, vil kunna løysast gjennom dispensasjonsvedtak.

Planlagd tilknytning til eksisterande 22-kV linje med jordkabel er lite konfliktfylt og bør kunna godkjennast.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune, vedtak i fylkesutvalet 14.11.2007

”Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 14.11.2007, sak 128/07, og det vart gjort slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt på visse vilkår, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og at kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.
2. Slepping av minstevassføring bør aukast til 100 liter/sek av landskapsmessige omsyn.

Fylkesrådmannen si vurdering av fordeler og ulemper, evt nye forslag til avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 19,6 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og til skatteinntekter.

Ulempene er knytt til legging av rørgate, kraftverksbygning og redusert vassføring i elva, spesielt i forhold til kulturminne.

Automatisk freda kulturminne

Fylkesrådmannen kjenner ikkje til registrerte automatisk freda kulturminne innafor områda som vert omfatta av utbyggingstiltaket. Det kan likevel ikkje utelukkast at det ligg til no uregistrerte automatisk freda kulturminne under markoverflata. Fylkesrådmannen ber difor om at dei som skal gjere arbeid i marka vert gjort merksam på følgjande:

”Ein har plikt til å vise varsemd og til straks å melde ifrå til Kulturavdelinga dersom ein under jordarbeid skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.”

Kulturminne frå nyare tid:

I konsesjonssøknaden er det lagt fram to alternative plasseringar for bygging av ny kraftstasjon. Det eine alternativet er i endestasjonen til den gamle gondolbana til Lyster Sanatorium – Harastølen, og det andre alternativet er på andre sida av riksvegen og like sør for den gamle kraftstasjonen i jugendstil. Heile dette området er svært trangt, slik at begge dei føreslegne løysingane vil komme sterkt i konflikt med kulturminne av svær høg verneverdi. Lyster Sanatorium – Harastølen må vurderast som eit kulturminne av nasjonal verdi. Heile anlegget med kraftstasjon, gondolbane og andre enkeltanlegg må sjåast på i ein heilskap når den kulturhistoriske verdien til dette storslagne anlegget skal vurderast. Gondolbana for

persontrafikk og kraftstasjonen, var her sjølv livsnerven i anlegget.

Lyster Sanatorium har ein sentral plass i sjukehushistoria på Vestlandet og må seiast å vere eit av dei største tiltak som vart gjort i kampen mot tuberkulose. Sjukehuset vart i vesentleg grad finansiert med midlar frå St. Jørgens Stiftelse i Bergen, som i 1545 fekk overta klostergodset til Selje Kloster. På den måten kan vi seie at heile Vestlandet har vore med på å byggje opp dette spesielle anlegget. Anlegget har i dag svært høg verneverdi. Dette gjeld og anlegga ved sjøen, med den gamle kraftstasjonen, endestasjonen for gondolbana og den gamle lagerbygningen.

Fylkesrådmannen meiner at begge forslaga i søknaden om plassering av kraftverket er dårlege og må unngåast. Som eit alternativ foreslår fylkesrådmannen at den nye kraftstasjonen vert plassert ved Røssetelvi (Døsjagrovi), rett ovanfor tunet på Døsen gard. I tillegg til å skjerme eit svært viktig kulturmiljø, vil ei slik løysing føre til at nedre delen av elva får ei vassføring som gjer at kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet rundt gardsanlegget og i strandsona vert teke vare på. Dette vil vere eit viktig tiltak for at dei som ferdast langs vegen kan få oppleve eit levande kulturlandskap, samtidig med at viktige kulturminne vert tekne vare på. Plassering av ny kraftstasjon slik det går fram av konsesjonssøknaden, kan føre til at området vert mindre attraktivt for natur- og kulturbasert næringsutvikling i framtida.

Andre forhold

Fylkesrådmannen er oppteken av at forhold knytt til støy frå anlegget vert handtert på best mogeleg måte. Dette er viktig både for nærliggande busetnad og for dei som ferdast i området rundt både på fjorden, langs vegane og i terrenget. Forslaget om minstevassføring om vinteren synest greitt, men fylkesrådmannen meiner det bør vurderast å auke sleppinga om sommaren til omlag 100 liter/sek av landskapsmessige omsyn. Ein viser her til at femte minste vassføring om sommaren for utbygging er berekna til 326 liter/sek.

Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen rår til at konsesjon vert gitt på visse vilkår, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og at kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.

Kraftstasjonen kan ikkje plasserast slik det er søkt om, av omsyn til viktige kulturminne. Som alternativ plassering foreslår fylkesrådmannen at kraftstasjonen vert plassert ovanfor tunet på Døsen gard. Slepping av minstevassføring bør aukast til 100 liter/sek av landskapsmessige omsyn.”

Kulturminneavdelinga, brev 15.07.2010:

”Kulturminne frå nyare tid

Store deler av den planlagde røyrgatetrassen går gjennom eit landskap rikt på kulturminne frå den tid det var drift ved det gamle sanatoriet på Harastølen. Her er fint opparbeide stølsvegar, turstiar og ikkje minst det kulturhistoriske bygningsmiljøet rundt kraftstasjonen, kollageret og stasjonen for den gamle taubana ved fjorden.

Den gamle kraftstasjonen frå tidleg 1900 talet, trafokiosken og betongmastene opp lia til Harastølen, har vi hatt kjennskap til tidlegare. Det som kom fram ved synfaringa, var at heile inntaksdammen til kraftverket, (ned for Harastølen) var intakt, og ikkje minst at den gamle oppmura røyrgata gjennom det bratte og vanskelege terrenget ned lia, var intakt. Den oppmura røyrgatetraseen ser vi på som eit viktig kulturminne i seg sjølv. Store deler av traseen er her mura opp for hand i eit bratt og tildels utilgjengeleg terreng. Det gamle kraftverket, med inntaksdam, røyrleidning, kraftstasjon, trafokiosk og betongmaster, er å sjå på som eit kulturminne av høg verdi. På eit lite område får vi her presentert ei tidleg utbygging av kraftverk på ein god måte. I tillegg til kraftverket, har vi i same området dei store kulturhistoriske verdiane som er knytt til det gamle sanatoriet. Her finn vi både ei komplett gondolbane og kollageret til sanatoriet.

Frå trafokiosken og opp lia, var det langs elv lagt opp ei eldre elveførebygging i stein. Denne elveførebygginga er og gjort for hand og må i dag sjåast på som eit kulturminne.

Ved planlegging og anleggsdrift i eit slikt landskap vi finn ved Døsjagrovi, må det takast spesielle omsyn til dei kulturminneverdiane som ligg i dette landskapet. Dette temaet vart nemnt av oss under oppsummeringsmøtet etter synfaring 22. juni. Vi finn likevel grunn til å minne om det som då vart omtala, at dei kulturminneverdiane som ligg i landskapet, må takast omsyn til ved tildeling av konsesjon, planlegging og seinare utbygging."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, brev 10.03.2008:

"Landskap og friluftsliv

Dei nasjonale og regionale landskapsinteressene er knytt til fjordlandskap og nasjonal turrstveg (Rv. 55 over Sognefjellet), jf. også kommunedelplan for små vasskraftverk. Den planlagde cruisesatsinga i Skjolden vil auke trafikken på Lustrafjorden. Elva er noko synleg frå sjøen og vegen, avhengig av vassføring og lauv på trea, og truleg mest frå fjorden/andre sida av fjorden. Den er likevel ikkje av dei viktigast vassdraga i forhold til landskapet og den er allereie utnytta til kraftutbygging. Etter vår vurdering vil ikkje landskapet bli påverka i så stor grad at utbygginga ikkje kan utførast. Røyrгатetrase, lokale massedeponi, inntaksdam osv. må tilpassast terrenget i størst mogleg grad, og det må leggjast til rette for raskast mogleg naturleg revegetering av anleggsområde.

Når det gjeld friluftsliv viser vi til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag datert 31.09.2007. Vi må presisere at fylkesmannen ikkje har synfare dette prosjektet, og NVE kan difor finne at landskapsvurderingane må justerast, m.a. krav om større minstevassføring om sommaren.

Naturmiljø, biologisk mangfald og inngrepsfri område (INON)

Det er registrert ein viktig/verdifull naturtype i området i biologisk mangfald-rapporten (Lauvhjell sør – "gammel edelløvskog"/viktig (B)). Dette er eit parti med gammalskog, der det også veks nokre edle lauvtre. To raudlisteartar knytt til lauvtre vart funne/påvist der (kvitryggspett - fugl/NT og svart tvillingbeger – sopp/NT). I følge søknaden skal ikkje utbygginga påverke dette området.

I søknaden/biologisk mangfaldrapporten er det opplyst at INON-område ikkje vert redusert ved ei ev. utbygging.

Fisk og fiske

I søknaden heiter det at den elvestrekka som er aktuell for utbygging stort sett er fisketom, og at det er lite sannsynleg at elva ved utlaupe i fjorden kan ha verdi for anadrom laksefisk.

Ureining, vasskvalitet og støy

Det er ikkje venta at vasskvaliteten vil endre seg på grunn av vassuttaket. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan fylkesmannen vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulempesom følgjer av tiltaket.

Kraftstasjonen skal plasserast nær busetnad, veg osv. Det bør leggjast stor vekt på støydempende tiltak knytt til ny kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

Landbruk

Utbygginga har truleg små negative konsekvensar for landbruksdrifta i området. Ev. tap av gjerdeeffekt må erstattast dersom det gjeld rettar for andre enn utbyggjar/dei som har fallrettar på elvestrekka.

Tilråding

Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er noko konfliktfylt i høve til friluftsliv og landskap. Vi vurderar likevel at nasjonale og regionale interesser ikkje vert påverka i så stor grad at vi rår frå utbygginga. Fylkesmannen vurderar også at tiltaket kan akseptast i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova.

Fylkesmannen føreset da at det vert sett krav om manøvrering og minstevassføring som gjer at Hellesetvatnet og vassstrengen frå vatnet og ned til sjøen, kan opplevast positivt i høve til landskap og friluftsliv. Vidare må ikkje røyrkata eller anleggsarbeidet koma for nær det registrert området med gammal edellauvskog.

Ved ev. utbygging må det leggst vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Innførte bartreartar bør ikkje få etablere seg på mark som vert skipla under anleggsarbeidet. Det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova.

Det trengs ingen nye permanente vegar til kraftutbygginga. Dersom det er ønske frå grunneigarane at anleggsvegar skal bli permanente må dette vurderast/godkjennast av kommunen i høve til lovverket knytt til vegar for landbruksføremål, eller ev. plan- og bygningslova. Vi viser elles til kommunen sin uttale dagsett 24.09.2007.

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, brev 20.08.2007:

"Vi er noko usikre på kva konsekvensar denne utbygginga vil få for landskapet i området. Ut frå søknaden er det vanskeleg å få noko inntrykk av dette, og det gjeld særleg landskapet sett frå fjorden. Den lange røyrkata vil også bli svært synleg i terrenget, og då sjølvstilt mest i den næraste tida etter bygginga. Turismen og då også fjordturismen er svært viktig for Luster, og vi meiner det bør undersøkast nærare kva konsekvensar ei slik utbygging vil ha for landskapet og landskapsopplevinga. Dette seier søknaden og konsekvensutgreiinga lite om, og sameleis den planen for kraftutbygginga som er utarbeidd av Luster kommune.

Det er viktig at kraftstasjonen som er planlagd i Luster, får ei plassering og utforming som er tilpassa det særeigne bygningsmiljøet i området. Ein kraftstasjon er uheldig i dette delvis gamle bygningsmiljøet, men ein ny kraftstasjon må sjølvstilt få sjølvstilt få ei mykje betre utforming og tilpassing enn den som står der no.

Søknaden føreset at det skal vere ei minstevassføring etter utbygginga. Dette må sjølvstilt vere eit absolutt krav også i samband med denne utbygginga."

Sogn og Fjordane Turlag, brev 31.08.2007:

"Litt om friluftsliv i det aktuelle området:

Både reguleringsmagasinet Hellesetvatnet, inntaket, og eit kort stykke av røyrkata, ligg inne i eit regionalt viktig friluftsområde i Fylkesdelplanen for arealbruk.

Området omlag frå inntaket, via Røssesetstølen og vidare oppover til/på/rundt Hellesetvatnet er eit fint område både for turgåing, fiske, bærplukking og jakt. Ei av rutene til Luster Turlag si hytte Fivla går langs Hellesetvatnet, men ettersom den ikkje er merka, er den mindre brukt enn dei merka rutene. Men ruta er fin den! Fivlenosi kloss nord for nedbørfeltet, er eit særleg fint turmål med fantastisk utsikt! Jagershaugen og Grånosi er også fine turmål.

Kommentarar til utbygginga

Med eit slukevneintervall på mellom 7,4 og 152 % av gjennomsnittsvassføringa, og med ein utnyttingsgrad av tilsiget på 68 %, reknar vi dette som ei nokså "standard" småkraftutbygging.

Det er positivt at det skal sleppast minstevassføring heile året, men for å skape litt meir "liv i

elva", (både i bokstaveleg og overført tyding,) meiner vi det bør sleppast meir minstevassføring om sommaren. Kanskje kan rundt 100 l/sek vere høveleg, men dette ber vi NVE vurdere.

Inntak: Vi har forståing for at det gamle inntaket må moderniserast. Men ettersom den eksisterande dammen er så gamal og vel må reknast som eit kulturminne, og for å ivareta det estetiske, ber vi om at påbygginga på dammen skjer på ein slik måte at ein får eit heilskapleg og fint resultat. (Ikkje ein gamal tørrmur med ein betongvegg på toppen.) Men utbyggaren har kanskje alt tenkt på dette ?

Reguleringsmagasin: Vanlegvis er vi sterkt kritiske til reguleringsmagasin i småkraftverk, men ettersom det her skal nyttast ein gamal dam som skriv seg heilt frå 1912, ønskjer vi ikkje å gå mot regulering i dette tilfellet. Det er opplyst at det ikkje er registrert LRV for magasinet. Vi ber NVE fastsette LRV (og HRV sjølvsaft) i samband med konsesjonshandsaminga av denne søknaden. LRV må vere maksimum 2,6 m lågare enn HRV.

Vi ber også NVE om å fastsette manøvreringsreglement for magasinet i samband med konsesjonshandsaminga av denne søknaden. Det er viktig, av omsyn til naturoppleving, fiske, bruk av båt på vatnet m.m., at magasinet er oppfylt om sommaren. Vårt framlegg er derfor at det i perioden ca. 1. juni – 30. september ikkje vert tillete tapping av magasinet, og at det resten av året vert tillete tapping. Ettersom tapping av magasinet er mest aktuelt om vinteren, reknar vi ikkje med at eit slikt manøvreringsreglement vil føre til særleg store problem for utbyggaren.

Kraftstasjonen: I konsesjonssøknaden er det omtala 2 alternative kraftstasjonsplasseringar. Vi meiner at eit 3. alternativ også bør vurderast: Plassering av kraftstasjonen på sørsida av Døsjagrovi (Rossetelvi?), vest for Døsen, og med utslepp i elva på ein høveleg stad mellom kote 10 og 20. Ved ei slik plassering av kraftstasjonen, må den nedste delen av røyrgatetraseen endrast noko. Så vidt vi kan bedømme vil den likevel ikkje kome i konflikt med den verdfulle naturtypen Lauvhjell sør som er omtala i Biologisk mangfald-rapporten. Fordelar ved ei slik alternativ plassering av kraftstasjonen er at ein får den lenger bort frå riksvegen, at det truleg blir lettare å få til ei god støydemping, at det kanskje blir mindre konflikt med kulturminne, og at elva nedstrøms kraftstasjonen kanskje igjen kan få levelege vilkår for anadrom laksefisk. Det siste føreset omløpsventil i kraftstasjonen.

Vi presiserer at dette ikkje er eit "bastant" framlegg frå vår side om ei slik plassering, men eit framlegg til plassering som vi meiner bør vurderast på line med dei 2 andre. Alle dei 3 framlegga vil på ulike måtar kome i konflikt med verdfulle kulturminne. Ved endeleg vurdering av plasseringa av kraftstasjonen, må det leggest stor vekt på kulturminnestyresmaktene sitt syn. Uansett plassering, må det leggest stor vekt på støydemping, både av omsyn til busetnaden, til den nasjonale turistvegen, og for å hindre at støy breier seg utover fjorden.

Vegbygging: Det er gledeleg at det for det meste kan nyttast eksisterande vegar. Mellombelse vegar må som hovudregel fjernast. Viss det skulle vere mellombelse vegar som vert permanente, bør dette ikkje vere vegar som går rett oppover/nedover fjellsida, då desse vanlegvis vert meir skjemmaende enn vegar som går meir sidevegs i lia. Desse siste vert lettare "gøymde" av vegetasjon langs vegen. Vi ber NVE krevje at det alt i konsesjonsfasen vert avklåra kva nye vegar som eventuelt vert permanente. Vegar som vert omgjort til "køyresterkt terreng", vert etter kvart grøne, og dermed mindre synlege.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Utbygginga er i konflikt med friluftinteressene, men vi vurderer ikkje konflikten som så stor at vi ønskjer å gå mot utbygginga. For å redusere konflikten med friluftinteressene, er det eit sterkt ønske frå vår side at Hellestvatnet ikkje vert nedtappa om sommaren. Det er også ønskeleg med større minstevassføring om sommaren.

Vi har merka oss at utbygginga truleg er i ganske stor konflikt med kulturminneinteressene. Men kor stor denne konflikten er, må fagfolk i kulturminnestyresmaktene vurdere."

Tilleggsuttale 23.06.2010:"Om reguleringsmagasinet

I løpet av synfaringa kom det fram det som vi oppfatta som litt motstridande opplysningar om korleis manøvreringa av magasinet skal gjennomførast. Frå utbyggaren si side oppfatta vi det slik at det er planlagt å regulere magasinet på nøyaktig same måte som det har vore gjort før. Dette er slik at luka i dammen vert opna ut på hausten, seinare enn 1. oktober, og at den vert stengd om våren, i midten av april, før snøsmeltinga startar. Tappinga skjer jamnt i tappingsperioden. I perioden frå snøsmeltinga startar til luka vert opna om hausten, er luka stengd slik at magasinet er heilt oppfylt om sommaren etter at snøsmeltinga har fylt det opp.

Viss det ovanståande stemmer, er det sett frå vår synsstad er dette ein akseptabel måte å regulere magasinet på. Viss det blir gitt konsesjon, ber vi NVE ta med denne måten å regulere magasinet på (med eventuelle mindre korreksjonar,) i konsesjonsvilkåra. Dette for å ha ein sikker framtidig dokumentasjon på kva som er gjeldande vilkår for regulering av magasinet. Vi ber også om at LRV vert dokumentert.

Under møtet etter sjølve synfaringa kom det også fram opplysningar om at det kanskje vert vurdert ei anna regulering av magasinet enn den som har vorte gjennomført tidlegare, der magasinet også vert tappa ned om sommaren. Viss dette skulle vere tilfelle, ber vi NVE ta opp reguleringa av magasinet i si fulle breidde under konsesjonshandsaminga av utbygginga. Ut frå friluftsinntakene, inklusive fiske, er det eit sterkt ønske, vi ville seie det er eit krav, at magasinet skal vere heilt oppfylt om sommaren i perioden 1. juni til 30. september, og at magasinet ikkje skal tappast i den perioden. Viss reguleringa av magasinet vert teken opp i si fulle breidde av NVE, ber vi om at dette vert sett som eit krav i konsesjonsvilkåra.

Inntak

I fråsegna vår av 31.08.2007 har vi lagt til grunn at inntaket er meir verdfullt som kulturminne enn det vi opplevde under synfaringa. Frå utbyggaren si side vart det nemnt at ein vurderer å flytte den nedste enden av dammen omlag 2 m lenger nedover i staden for å bygge på dammen i høgda. Slik vi ser det etter synfaringa, er ei flytting av dammen 2 – 3 m nedover fullt ut akseptabelt, og ei mykje betre løysing enn å bygge på dammen i høgda, så vi støttar utbyggaren på dette punktet. Dette er sett ut frå friluftsinntakene. Så får kulturminnestyresmaktene gjere sine vurderingar.

Plassering av kraftstasjonen

I høyringsfråsegna vår av 31.08.2007 bad vi om at det vert vurdert eit 3. alternativ for plasseringa av kraftstasjonen - på sørsida av Døsjagrovi. I løpet av synfaringa, og etter å ha høyrte at grunneigaren også gjekk inn for dette alternativet, har vi vorte overtydde om at dette er det klårt beste alternativet.

Vi vil derfor sterkt tilrå dette kraftstasjonsalternativet, viss det blir gitt konsesjon. Ved ei eventuell slik plassering, ber vi om at vatnet primært vert slept ut på oppsida av brua, subsidiært kloss på nedsida av brua, ikkje lenger nede enn der utløpet frå det eksisterande vesle kraftverket kjem ut.

Den kraftstasjonsplasseringa som utbyggaren gjekk inn for under synfaringa, vil vi karakterisere som fullstendig uakseptabel. Vi vil seie det så sterkt at viss dette er den einaste aktuelle kraftstasjonsplasseringa, så vil vi tilrå NVE å avslå konsesjonssøknaden! Grunngevinga for dette er ei heilskapsvurdering ut frå kulturminneinteressene, omsynet til dei som bur i området, at området for plasseringa av kraftstasjonen er trangt og vanskeleg, at den nedste delen av røyrgatetraseen vert veldig vanskeleg og kontroversiell, og omsynet til drikkevassinteressene. For ordens skuld presiserer vi at ut frå dei reine friluftsinntakene, som vi sjølvsagt er mest opptekne av, er ikkje plasseringa av kraftstasjonen så viktig. For dei interessene er manøvreringa av magasinet oppe på fjellet langt, langt viktigare. Utslepp av vatnet frå kraftstasjonen direkte i Døsjagrovi gir eit lite pluss også for friluftsinntakene,

men det er andre interesser NVE må legge størst vekt på ved vurdering av kraftstasjonsplasseringa.

Røyrгатetraseen

Under synfaringa og møtet etterpå vart det nemnt at røyrгатetraseen ned til ein eventuell kraftstasjon ved Døsjagrovi vert vanskelegare enn den røyrгатetraseen utbyggaren ønskjer å bygge. Under synfaringa kom det fram ei rekkje synspunkt på røyrгатetrasealternativ som skulle vere akseptable også til ein kraftstasjon ved Døsjagrovi. Vi har ikkje lokalkunnskap nok til å kunne vurdere det eine alternativet opp mot det andre her. For oss ser det ut som røyrгатetraseane, særleg på lange strekningar nedanfor Harastølen, er bratte og vanskelege uansett kraftstasjonsalternativ. Kva som er det beste trasealternativet for ei tradisjonell røyrgate, må andre med meir lokalkunnskap vurdere.

Under synfaringa kom det også fram at det for kraftstasjonsalternativet ved Døsjagrovi vert vurdert å sprengje ein tunnel eit stykke inn i fjellet, og så bruke boretunnel på ein stor del av røyrгатetraseen. Etter vårt syn vil dette vere det suverent beste røyrgatealternativet både for biologisk mangfald, landskap og kulturminne. Vi ber derfor NVE, i samarbeid med utbyggaren, å vurdere dette alternativet grundig. Vi er sjølvstøtt klår over at boretunnel er dyrare enn ei tradisjonell røyrgate, men prisskilnaden blir neppe så stor som i andre saker. Dette fordi ein boretunnel kan bli ein heil del kortare enn den røyrгатetraseen som er konsesjonssøkt, og fordi terrenget er slik at legging av ei tradisjonell røyrgate også vert dyrt. No har det kome på marknaden fleire konkurrerande boreteknologiar slik at prisane truleg går litt ned. Boretunnel er etter vårt syn absolutt verd å vurdere i dette vanskelege, men samstundes svært verdfulle terrenget både for biologisk mangfald, landskap og kulturminne.

Vi ber NVE sette som vilkår for ein eventuell konsesjon at den svært skjemmande plastrørleidningen til dei eksisterande minikraftverka vert fjerna.

Turlaget sitt syn på utbygginga

I fråsegna vår av 31.08.2007 karakteriserte vi utbygginga som akseptabel vurdert ut frå friluftsinteressene. Det meiner vi framleis, under den uttrykkelege føresetnaden at Hellestvatnet ikkje vert tappa ned om sommaren, men er heilt oppfylt i perioden 1. juni – 1. oktober.

Men når andre ålmenne og privat interesser, inklusive kulturminne, vert tekne med i vurderinga, meiner vi no etter synfaringa at den konsesjonssøkte kraftstasjonsplasseringa er uakseptabel, og at NVE ikkje bør gje konsesjon til den. Det suverent beste ut frå ei heilskapleg vurdering, er plassering av kraftstasjonen ved Døsjagrovi slik grunneigaren peika på, og bruk av ein kort sprengd tunnel + boretunnel på ein stor del av røyrгатetraseen. (Ekstraordinært god lydisolering av kraftstasjonen, inklusive bruk av vasskjølt anlegg, er ein føresetnad). Med ei slik utbyggingsløyising, vil dette etter vår vurdering bli ei miljøvenleg utbygging med lågt, eller i alle fall fullt ut akseptabelt, konfliktnivå. Vi ber både NVE og utbyggaren om å sterkt vurdere ei slik løyising.”

Luster Bygdeutval, brev 13.08.2007:

”Luster bygdeutval har hatt søknaden føre i møte 09.08.07.

Vedtak:

Me har ingen merknad til utbygging av Døsjagrovi, men ber om at gang- og sykkelvegen vert førd forbi "kaitunet" til gamle Sanatorievegen av utbyggjar.”

Åse Bruland Lavoll, brev 15.08.2007:

”

Konsekvensar av utbygginga for meg

Huset mitt vil bli liggjande berre 30 – 50 meter frå prosjektert kraftstasjon, avhengig av kva for plassering som blir valt. Husværet på garasjeloftet vil ligge ennå nærmare. Frå huset er det i dag om lag 30 meter bort til den gamle røyrgata, og berre 10 meter til røyra frå garasjen. Det kan elles opplystast at dei gamle røyra i dag fungerer som varerøyr for den nye høgspentlinja (22 kv ?) som kraftilaget sette opp for nokre år sidan. Den planlagde røyrtraseen vil krysse vassleidinga til huset og ha nærføring forbi oppkomma som er vasskjelda både for meg og nabo Dalehaug lenger sør.

Ei ny røyrgate vil rasere det som med mykje strev har vorte opparbeidd av veg, kloakk og uteområde dei siste åra. Sjølv om utbyggaren vil setje området i stand att, vil han aldri klare å gjenskape området slik det er opparbeidd + tryggleik for at alt fungerer som det skal. Vi er 6 som brukar huset og som kjem frå ulike kantar av landet hit og er avhengige av at det som skal fungere gjer det.

Då det vart greve for opparbeiding av snuplassen, fekk mann min vand med vanskeleg terreng skrekken saman med entreprenøren. Bakken glei ut skalk for skalk. Dei stappa inn store steinar i bakken medan det hagla stein rundt dei. Det var ein jobb med livet som innsats! Dei fekk verkeleg sanne kor vanskelege grunntilhøva er både på eigen grunn og vidare oppover. Her er mykje vatn som renn i bakken. Bakken er ei blanding av blokk og skredjord. Dei fekk til slutt laga til ein liten snuplass.

Denne skrekkopplevinga førde til at mann min meinte at det var heilt uforsvarleg i neste runde å grave bak huset då gravemaskina kom dit. Vi kunne risikere at heile huset før. Vi hadde ein suppende blaut kjellar der veggene vart dekte med mygl viss vi gløymde å late opp døra når vi reiset frå huset, til wc t.d..

For mitt vedkommande var det harde tider mot mannemakta. Eg var ikkje her då snuplassen vart laga, so det var det som redda kjellaren og huset for varige fuktskader. Her var bakken meir stabil, og entreprenøren sette ein ny mann i gravemaskina. So ein ting er klinkande klart: Her er det greve det som skal gravast av mine og andre. Her blir berre den minste hagespaden brukt for all framtid.

Manglande utgreiing om konsekvensar ved å bu nær kraftstasjon og røyrgate

Søknaden er etter mitt syn mangelfull med omsyn til kva konsekvensar det har for menneske å bu nær kraftstasjon, då tenkjer eg både på støy og elektromagnetisk stråling. Her ligg det trafokiosk og kraftstasjon i sentrum med ein halvsirkel av hus rundt seg. Det er skreve frå søkjaren si side at støyen vil bli redusert mest mogeleg, men kva om dette ikkje er nok ? Eg har ingen interesse av å bli nabo til ei støykjelde som vil vere der kvar dag året rundt.

Elektromagnetisk stråling er ikkje nemnt i det heile.

Røyrgata vil over eigedommen min få eit trykk på om lag 730 meter vassøyle. Dette er veldig mykje. Konsekvensane ved leidningsbrot er ikkje nemnt.

Eg tykkjer det er heilt utruleg at dette forslaget er komme, både for å få ein kraftstasjon i bygda her og for nabolaget å gå laus på eit uteområde som vart sett i stand for 3 år sidan. Folk i bygda registrerte kor mykje arbeid det var med blant anna kor mykje masse som vart køyrd opp med traktor for å bygge vegen, og kor lang tid det tok. E-verk sjefen bur no her.

Manglande utgreiing om alternativ plassering av kraftstasjon og røyrgate.

Eg stussar når eg ser kartet som syner planlagt trasé for røyrgata frå Røssesete til Frudammen.

Ho svingar seg nedover lia i ein stor S. Den gamle røyrkata var logisk plassert fordi den tok utgangspunkt i inntaksdammen på Svea like under Harastølen. Denne dammen tok mellom anna i mot avlaupsvatnet frå kraftstasjonen på Harastølen.

Når nå utgangspunktet er inntaksdammen på Røssesete, skjønar eg ikkje kvifor ho skal svinge seg bort i den gamle røyrkatetraséen. Det vil vere mellom 250 og 300 meter kortare å gå meir rett ned lia til ein alternativ plassering av kraftstasjonen i utmarka ovanfor Døsjatunet.

Fordelen med ei slik løysing i tillegg til kortare linje, er at stasjonen ville ligge usjenert til oppe i skogen, og ikkje minst at elva gjennom Døsjatunet og ved kryssing av riksvegen ville få ei vassføring som ikkje var påverka av utbygginga.

Etter mitt syn ville ei slik plassering også tene lokalsamfunnet mykje betre enn å få ein kraftstasjon kloss i riksvegen. Riksvegen har status som turistveg, og det fremjar ikkje turistnæringa med plassering slik som omsøkt. Det må vere måte på kva som får sentral plassering i ei turistbygd.

Vanleg promenaderute for bygdafolk, feriefolk og turistar er forbi desse elvane og inn til den tredje elva. Vanleg logikk tilseier vel og at ei elv som skal byggast ut held seg i elvetraséen og ikkje hoppar over til ei anna elv ?

I Skjolden rustar dei opp sentrumsområdet sitt, og det er vel ikkje meininga at vi skal gjere det verre enn det er no. Bakdelen er at utbyggaren vil tape nokre få høgdemeter, men dette må kunne gå på konto for omsyn til andre. Eg har teikna inn alternativ plassering på vedlagde kart.

.....

Konklusjon

Eg gjer det med dette tindrande klart at nokon røyrgate over eigedommen min går eg ikkje friviljug med på, og eg tykkjer det er eit heilt utruleg utbyggingsforsøk å komme med i 2007 i turistbygda Luster.

Brev 12.06.2010:

"Eg syner til brevet frå Luster Energiverk av 11.05.2009 til NVE der energiverket ber direktoratet om å ta opp att handsaminga av konsesjonssøknaden. Vidare syner eg til brev av 31.05.2010 der energiverket kommenterar innkomne fråsegner.

Kraftstasjonsplasseringa

Det sistnemnde brevet er energiverket sin gjennomgang og kommenterar til dei innkomne fråsegnene. Eitt vesentleg poeng i seks av desse fråsegnene er plassering av kraftstasjonen. Både eg, naboen Ottar Jan Bolstad, Sogn og Fjordane Turlag, og ikkje minst eigarane av Døsen, Marianne Hauglum og Olav Døsen, foreslår å plassere kraftstasjonen i tilknytning til Døsjaelvi der han høyrer til.

Eigarane av Døsen har faktisk tilbode tomt for ny kraftstasjon på kote 6 inntil Døsjaelvi. Eg for min del har føreslege alternativ trasé for turbinleidningen som vil korte inn på lengda på mellom 250 - 300 meter.

Fylkesrådmannen rår i frå omsøkt plassering av kraftstasjonen og peikar på arealet ovanfor Døsjatunet. Luster komme krev at plasseringa skal avklarast i reguleringsplan.

I tilsvaret sitt skriv energiverket at grunnforholda i prosjektområdet byr på utfordrande parti. Dette kan eg streke under på at det ikkje minst gjeld nedre del av røyrtraseen over eigedommen min. Likevel skriv utbyggaren at han ikkje finn det føremålstenleg verken å flytte røyrtraseen nærmare elva frå Knutsholten, heller ikkje legge traseen attende til Døsen i nedre del. Energiverket brukar argumentet, "ikkje føremålstenleg", for å sleppe å vurdere alternativ plassering av kraftstasjonen.

Eg oppfattar at energiverket også her driv med lettvindt synsing til liks med den fyrste skissa eg fikk av røytraseen, som gjekk rett gjennom nybygd garasje med innreia loft. Eg kan ikkje forstå anna enn viss NVE skal feste lit argumentasjonen som energiverket her brukar om at einaste mogelege røytrase frå Røssesete og til sjøen, er å sikte seg inn på eigedommen min, så må alternative røytrasear utgreiast ved synfaring, oppmåling og kalkulering.

Sterk reduksjon i vassmengda i Døsjagrovi vil stemme med dei nedsarva bygningane som gamle posten og det fråflytta tannlegekontoret er på Døsen. Der er det so stygt likevel og då gjer det ingen ting om ikkje elva får komme til sin rett!

Ein dag vil nødvendigvis desse husa bli tekne fram att i dagen og kan so tåle dagens lys, og vere eit bidrag til Lustrabygda. Dei vil då stemme med det fine miljøet som er på Døsen og på Nygård. Det som då absolutt ikkje vil stemme er ei elv med sørgjeleg lite vassføring, og då er toget gått. Dette vonar eg på vegne av folki her i Luster og for turistbygda at det blir teke hensyn til. Vi som bur ved ei elv, veit frå mange år med turistar korleis elva er ein magnet og trekker vaksne og ongar til seg. Ta ikkje frå dei eller bygdefolki denne gleda.

Det er so enkelt som at elva framleis får lov å vere ei elv. Eit arkitektkunstverk av ein kraftstasjon i Frudammen har ingen verdi samanlikna med det som går tapt i Døsjagrovi.

Tillit til utbyggjarane

Eigarane av Harastølen AS fekk påbod i 2001 om å fjerne kablane til taubana som er rusta og er ein fare for oss, og ikkje minst borneborna som Bolstad har to av og vi snart eitt. Under desse kablane må vi opphalde oss om vi vil eller ikkje. Same året tok vi kontakt med eigaren og då dreiv dei å henta inn anbod. Her har ingen ting skjedd, ein kabel er neddotten som vi sjølve har fjerna. Dette er ikkje tillitsbyggjande. Det viser kor mykje dei forlangar av andre, og kor lite dei gjer det til seg sjølve.

Sluttsynfaring

Eg ser at NVE skriv dette i brevet, eg forventar at då er også småsynfaringane med utbyggjarane og komme til endes.

Synleg røyrgate i fjellsida og framtidig ferdsel på Lustrafjorden.

Kor mykje det vil bli av ferdsel veit vi ikkje, men på Skjolden har dei fått seg cruisekai. Den har vore eit dyrt prosjekt der fleire partar har samarbeida som hand i hanske. Den har alt fått mange lovord sjølv om alt ikkje er ferdig.

Røyrgata vil nok vinne kampen om blikkfanget mot Lustrabygda i mange, mange år. Båtane har leia si nær Sørheim og vil få inn heile Lustrasida. Men dette er no ikkje i Nærøysfjorden. Det hadde naturlegvis vore noko anna, viss det var der den skulle inn i fotolinsene. Vi kan vel blir heitande 'bygda med røyrgata.

Med røyrgate som blikkfang virkar det som den eine handa ikkje veit kva den andre handa gjer. Det er synd for dei som satsar i Skjolden, er på fjorden i liten eller stor båt, det påvirkar åg oss som bur her. Ein bør vel og tenke på at det framleis klorar seg fast folk på Sørheim.

Eg som dei andre her vil at bygda som heilskap skal vere blikkfang, ikkje gjenvinnings containerar for glas og blekk ved Døsen og røyrgate i fjellsida. Det fyrste er lett å gjere noko med etter dei er komne her. Det er verre å gjere noko med det siste etterpå, det er det de som set med bukta og begge endane som kan gjere. Det kan vere betre å ta eit steg for lite enn eit steg for mykje. Men det veit de sikkert so inderleg vel før. Vi er prisgitt dei styrande og kan berre vone det beste i det lengste.

Rett til å legge nytt turbinrøyr

I staden for å svare seriøst på innspel om kraftstasjonsplasseringa, pukkar energiverket på rettane sine med omsyn til røytrase.

Over eigedommen min hevdar dei at med heimel i avtale frå 04.08.1922 mellom hovudbruket og energiverket, om legging og justeringar av røyrleidningen, at det kan leggst ny leidning.

Eg minner NVE om at den gamle leidningen framleis er i bruk, no ikkje lenger som turbinleidning men som trekkerøyr for høgspenkabel. I fylgje energiverket sine planar skal det no leggst eit røyr nr to i den gamle traseen.

I eige brev til energiverket har eg bede om å få kopi av avtalen. Det vil forundra meg mykje om den skulle handle om å legge røyr på røyr. Dette betyr at energiverket sin påstand om rett til å legge ny leidning over eigedommen min ikkje er meir enn eit partsinnlegg og vil frå mi side ikkje bli akseptert.

På skøyttet mitt står mellom anna fylgjande hefte tinglyst 18.05.1950:

9. Semja tgl. 20/4 1923 om rett for AS Lyster Elektrisitetsverk til utviding av krafistasjon og nedlegging av røyr over d.e.

10. Rett for do til nedlegging av ny røyrledning til krafistasjonen tgl 20/4 1923.

Min kommentar: Dette gjeld tilhøve på tida for tinglysing, slik at det som i hefte nr 10 vert omtala som "ny røyrledning", er eksisterande røyr i dag.

Vassforsyning

I den utgreiinga om innverknad på lokal vassforsyning som energiverket har fått utført, blir den oppkomma som eg får vatn ifrå, omtala som Andre kilder i området. I denne rapporten blir oppkomma verdsett til å ha liten til middels verdi og omfanget av tiltaket (kraftutbygginga) vert vurdert til å ha liten til middels negativ innverknad på oppkomma.

Dette er teoretiske flosklar. For meg har kjelda mi levert stødig og godt vatn i 60 år. Skulle dette bli endra på, så betyr det svært mykje i negativ lei for meg.

.....

Konklusjon

Tenk på framtida for Lustrabygda og Luster. Eg aksepterar ingen inngrep på eigedommen min. Det er heller ikkje nødvendig når det finst to mykje betre alternativ.

Brev 10.07.2010:

"Då vegen vår var ferdig og vi dreiv å laga til ved røyret og mot elva, forundra det meg kvifor det var so mykje små flisasteinar litt til venstre for røyret. Inge hadde ikkje noko forklaring heller, men det hadde naboen Hans Johan Dregni som kom bort til oss. Han sa at det var restar etter den gamle røyrkata. Den som ligg der no er altso den nye røyrkata.

....."

Olga Ellingseth, Gøril E. Urdahl, Hans Urdahl, brev 22.08.2007:

....."

Vår kommentar til konsesjonssøknaden:

- *Vassretten vår i Døsjagrovi (Røseteelva) er ikke nemnd med eitt ord i konsesjonssøknaden til Døsjagrovi Kraftverk.*
- *Vi er heller ikkje komne med på oversikten over påverka grunneigarar og rettshavarar, vedlegg 10. Ut frå vår erfaring med Harastølen AS virkar det ikkje tilfeldig at våre rettar i elva er ulelelte.*
- *Søknaden legg til grunn ei minstevassføring på 20 l/sek. Vi har sett at sjølv når det renn godt med vatn over demningen på Røsete, forsvinn vatnet raskt i grunnen nedanfor demningen sidan elvefarete for ein stor del er ur. Så ei minstevassføring på 20 l/sek vil ikkje renna langt før elvefarete er tørt.*

- Vi vil også ta med at Sausveita, som vart bygd for snart 150 år siden, burde vera å rekna som eit kulturminne som må sikrast mot ytterlegare forfall.

Kva er vårt behov

Vi har behov for vatn frå reguleringsområdet i juni, juli og august, noko mindre i september og oktober. Vatnet som kjem i plastslangen går til hushaldning, fjøs, til dyr på inn- og utmarksbeite samt jordbruksvatning. Når vatnet blir sleppt i enden av Sausveita virkar berglaget som eit reservoar og fører vatnet til brønnane på Saude. Jamfør vedlagde kopi av rettsbok frå Indre Sogn heradsrett, 24/6-80.

Vårt krav

Vi krev at utbyggjaren av Døsjagrovi anerkjenner den retten vi har til vassforsyning frå reguleringsområdet i samsvar med eldre avtalar. Utbyggjar må påleggjast å sikra oss ein jamn og regelmessig tilgang på vatn frå Døsjagrova, ved at vi får leggja ein 2 ½ toms (75 mm) plastslange ved inntaket på Røsete, kote 744. Vårt uttak av vatn må koma i tillegg til minstevassføringa. Dette bør vera mogleg, sjå brev frå Harastølen A/S datert 31.01.07, samt innskanna utdrag av brev frå Luster Energiverk pkt. 4 dat 01.03.2007, kor dei svara på spørsmål frå Hans H Urdahl.

4. Kva har de tenkt å gjere med vassretten til Saude i Røsetee/va?

Den planlagde vasskraftutbygging skal ikkje hindre vassstilgong til Saude (jf. brev frå Syverud datert 31.01.2007). Tvert i mot har ein moglegheit med utbygginga ii age eit permanent og tilfredstillande vassinntak for gardane på Saude. I dette ligg og ein avtale med Harastølen AS om kvar stangen skal ligge. Med eksisterande magasineringa i Hellesetvatnet burde det ligge til rette for sikrare tilsig til elva og dermed tilgongen til vatn for gardane på Saude og.

Vi forventar at våre rettar blir tekne omsyn til i konsesjonshandsaminga.”

Ottar J. Bolstad, brev 28.08.2007:

1. Som prinsipp er jeg av den formening at en ikke bør flytte ett vassdrag til ett annet, det gjøres i dette tilfellet ved at kraftstasjonen foreslås lagt til Frudammen, istedenfor ved Døsen som elva (Døsjagrovi) virkelig renner ut ved. Jeg er derfor av den oppfatning at ny kraftstasjon bør planlegges ved Døsen og inn mot bakken slik at vannet fra kraftstasjonen kommer ut og følger opprinnelig elveleie før det munner ut i fjorden. Dette vil fortsatt gi vann i eksisterende elv i stedet for ett tørt elveleie. Jeg kan i midlertidig forstå at en valgte den gamle eksisterende trase når det nedlagte kraftverket ble bygd i 1915, men med dagens maskiner og utstyr burde det være en smal sak å etablere en ny trase rett ned til Døsen. Dette vil også gi en kortere rørgate og det er tilkomst sirka halvveis via veg til Lauvhjellene. Se vedlagte skisse A.
2. Jeg vil protestere på at plasseringen av ny kraftstasjon/anlegges plasseres på den ene av de foreslåtte plasseringene i Frudammen, nemlig på vår eiendom 47/28. Foreslått plassering er vår eneste mulige ankomst til og parkering på eiendommen. (To til tre parkerings plasser.) Det er også mulig å anlegge bilvei til eiendommen ved å endre og utbedre eksisterende gangvei. Se vedlagte skisse B.
3. Harastølen A/S, den ene av utbyggerne, eier/disponerer eiendom/areal i nærheten og skulle kraftstasjonen plasseres noe sted så får de benytte eget areal. Dersom riksveien skulle legges om kunne en makeskifte gjøres slik at stasjon legges der veien er i dag. Se vedlagte skisse C.
4. Eiendommen har vannforsyning fra oppkomme tett ved/i nærheten av den gamle rørgaten. Denne oppkomen gir meget god og stabil vannkvalitet og -mengde hele året rundt, også ved eventuelle tørke perioder. Vi vil forlange at utbygger for all fremtid vil

være ansvarlig for tilsvarende vannforsyning både i kvalitet og stabilitet. Se vedlagte skisse B.

5. Avløp fra septiktank anlegg fra hus til Frudamsgrovi må eventuell repareres / omlegges. Se vedlagte skisse B.
6. Det er angitt at det skal skjermes for støy, men ikke hvor høyt støynivået er etter igangsetting. Vi krever at eventuell støy skal være lavere enn den til enhver tid er fra Frudamsgrovi i dag.

For øvrig kan det anmerkes at kart skisse som følger søknaden ikke stemmer med dagens realitet.

Skulle utbygging av kraftstasjon i Frudammen bli en realitet stiller vi oss velvillig til å diskutere løsninger og eventuelle alternativer til prosjektet i tilknytning til vår eiendom og interesser. ”

Håkon Fuhr m.fl., brev 29.08.2007:

”Hellesetvatnet som er magasinet til kraftverket har vore regulert frå oppstarten av det første sjukehuset like etter førre årshundreskifte. Hellesetvatnet har alltid vore eit rikt fiskevatn, og det har, med unntak av episodar med rovfiske, hatt ein god balanse med fisketilvekst. I den tida Harastølen vart drive som sjukehus og Hellesetvatnet inngikk i både straumforsyning og som ferskvasskjelde vart Hellesetvatnet regulert svært lite, og på ein måte som ikkje skada fisketilveksten. Frå vatnet vart fullt i mai månad var det då fullt med stengd luke fram til seinhaustes, deretter vart det sett ei lita opning på luka som gav tilstrekkelig tilsig til Røssesetdammen og vasskjelda på Harastølen. I vinterhalvåret var det behovet for ei sikker vasskjelde som var avgjerande for regulering av Hellesetvatnet, ikkje kraftproduksjon. Det gamle kraftverket var ikkje i produksjon heile vinterhalvåret. Av beredskapshensyn vart Hellesetvatnet kun nokre få år heilt tømt i løpet av vinterhalvåret.

Dette ser vi no vil endre seg ut frå m.a. vedlegg 7 i søknadsdokumentet. Slik det går fram av vedlegget og dei høve søkjaren vil få til kjøring av kraftverket, vil magasininfyllinga og nivået kunne pulsere i løpet av sommaren og verte heilt tømt tidlig kvar vinter. Dette vil være ei heilt ny og uheldig regulering av Hellesetvatnet. Det vil skade fisketilveksten, og det vil medføre auka erosjon i strandsona av Hellesetvatnet.

Tapping frå Hellesetvatnet påvirkar direkte vannstanden i vasskjelda på Harastølen, og mange av dei private vasskjeldene nede i bygda. I den tida det var sjukehusdrift på Harastølen, var det daglig oppfølging av vasskjelda på Harastølen, og nivået i denne avgjorde for tappinga i Hellesetvatnet. Det var ogso vanleg at eigarar av vasskjeldene i bygda varsla når det var lite vatn i sine kjelder og ba Harastølen om å opne meir i luka på Hellesetvatnet.

I den tida Harastølen AS har dreve mikrokraftverk, har Hellesetvatnet ogso vorte nedtappa gjennom vinteren med liten lukeopning, magasinet har ikkje kvart år vorte tømt før tilsiget i april mai.

Om Hellesetvatnet vert heilt tomt på vinterstid, vil tilsiget på Røssesete være tilnærma null, og vi fryktar då at mange av vasskjeldene i bygda vil kunne verte skadelidande.

Ut frå ovannemde ber vi om at det vert lagt restriksjonar på kjøring av kraftverket som sikkrar fisketilveksten i Hellesetvatnet og vasskjeldene i bygda.

Alternativt må utbyggaren påleggast tiltak med fiskekultivering og framlegging av alternativ vassforsyning for dei som måtte verte skadelidande.

Dammen i Hellesetvatnet er etter vår meining i dårlig forfatning, og har betydelige lekkasjar. Vi ber Dykk å vurdere kor vidt denne er har tilfredsstillande tryggleik for det nye

kjøremønsteret av magasinet. Vi vonar også at merking av HRV og LRV, og målestav for vannstand no kjem på plass.

Vegen opp til Røssesete er privat og vert vedlikehalden av grunneigarane. Anleggsarbeidet vil medføre betydelig slitasje på denne. Vi ber derfor om at utbyggjar må påleggast å utbetre den slitasje anleggsarbeidet måtte påføre, og sette denne i tilfredsstillande stand etter at anleggsarbeidet er avslutta. Vidare må utbyggjaren påleggast å delta i årleg vedlikehold av veganlegget framover.”

Hans Vigdal Bringeboen, brev 25.08.2007:

”Pkt. 1. Grunngjeving for tiltaket.

I fig. søknaden er det inngått ein felles utviklingsavtale mellom Luster Energiverk og Harastølen as i 2006 for eit felles kraftverkprosjekt i Døsjagrovii Luster. Denne avtalen var for meg ukjent til eg las om han i konsesjonssøknaden. Eg reknar difor med at Luster Energiverk as har halde seg til den vassmengde dei gjennom ”Haandgivelse dat. 29. juli 1917” fekk overta frå Lyster Sanatorium, dvs. 40 liter r. sek. Eg kjem til å be Luster Energiverk om å få innsyn i denne avtalen.

Pkt. 2 Vassforsyning, drikkevatt og vatningsvatn

Døsjagrovi er også vesentleg for nord-aust-området. I dette området ligg mange drikkevasskjelder/oppkommer. Eg viser her til sidene 4, 5, 6 og 7 i Rammeplan for vassforsyning og avlaup for Dale dat. 30. august 1973 der desse er vurderte som eit alternativ i samband med etablering av offentleg vassforsyning. Det har og i samband med Bøoppkomma som ligg på gnr. 42 bnr 2 Bringeboen, vore rettsak om rettar knytte til denne. Lagmannsrettsak 121 K/1984 nr. 9/84, med anke til Høgsteretts kjæremålsutval (avvist), slutning dat. 27.03.1984. Dette dokumenterer at oppkommevatnet er av stor betydning for området.

I dag er det om lag 25 husstandar + kommunen som har vatn frå oppkommer på eigedomane mine. Det er difor av den største betydning for oss at vassforsyninga på ingen måte vert forringa.

Vidare meiner eg at når ein skal vurdera dei landbruksmessige konsekvensane må ein sjå vidare enn berre på Lauvhjellene og Døsen som ligg nærast elva.

Avtalar/håndgjeving vist til under pkt. 1 stadfestar at her er det mange bruksrettshavarar. På desse gardane blir det i dag drive allsidig landbruk med turisme (campingplass, utleigehytter), mjølkeproduksjon, kjøtfeproduksjon, sau og forproduksjon.

All vassforsyning i Lustrabygda i dag kjem frå oppkommer, så langt eg kjenner til.

Eg vil på det sterkaste understreka at ei evt. utbygging av Døsjaelva ikkje må medføre fare for vassforsyninga til/frå oppkommene våre, og at vi vert sikra nødvendig vatningsvatn til eigedomane våre.

Eg ber om at det eg har peika på ovanfor blir nøye vurdert og utgreidd før ein evt. konsesjon blir gjeven.

Utbyggjar må bera risikoen med at vassmengdene kan bli redusert, også ansvaret for kostnader som seinare evt. vil komma pga. bl.a. utgreiingsarbeid/analysar som blir kravt utført ved endring/reduksjon i vassmengde i oppkommene, evt. ny vassforsyning.

Dersom det er interessant med fleire opplysningar/kopi av dokument i tilknytning til det eg har nemnt ovanfor, må de gjerne ta kontakt med meg. Eg vil og opplysa om at den som kjenner best til vassforsyninga til Harastølen er Knut Stuppelshaug som i mange 10-år var tilsett på Harastølen og hadde sitt arbeid i ”Maskinhuset”, også som teknisk sjef.”

Olav Døsen, brev 28.08.2007

"Grunneigartilhøve.

Området tiltenkt kraftstasjon er oppgitt med feil gards og bruksnummer, og fylgjeleg feil eigar. Underteika er grunneigar for området, det foreligg derimot leigeavtale for området fra 1922 med tillegg fra 1986. G.nr. 47, b.nr.2 inneheld fallrett.

Markert mogeleg kraftstasjonsplassering, nedre taubanestasjon er bygd på underteikna sin grunn, men med leigeavtale. Elektroniske kartløysingar gjev opp feil gards og bruksnummer på denne parsellen. Denne leigeavtale gjev truleg ikkje høve for endring av bruksområde, frå taubanedrift til kraftstasjon. Underteikna ser det som naturleg at desse leigeavtalar vert reviderte for å tilfredsstille dagens lovverk for utbygging startar opp.

Planlagt røyrtase kryssar g.nr. 47, b.nr. 10, eigar er Hans Johan Drægni, han er ikkje lista i brevheading eller i vedlegg 10, oversikt over påverka grunneigarar og rettshavarar.

Vasskraftrettar

I avsnitt 2.6 Eigedomshforhold vert det hevda at Harastølen AS har alle vassrettane knytt til Hellesevatnet. Dette er unøyaktig, då Sankt Jørgens Stiftelse før bygginga av dammen forplikta seg overfor grunneigarane som nytta elva til vatning å sørge for fylgjande:

Dammen skulle byggast for å tole eit påbygg desse grunneigarane har rett til å oppføre for å sikre vatningsvatn til deira bruk. Dokumentet er tinglest. Dersom ikkje dammen i dag er av ein slik forfatning at påbygg kan oppførast, må tilsvarende regulering av Hellesevatnet reknast å tilhøyre desse grunneigarane.

Slik som Hellesevatnet har vore regulert dei siste hundre år har det ikkje vore behov for ein slik påbyggdam. Med den utvida slukeevna ein no vil få, kan Hellesevatnet verte kraftig nedtappa om sommaren med påfølgande manglande vatningsvatn i Døsjagrovi. Utbyggaren må vert pålagt å sørge for vatningsvatn til dei bruka som er nemde i tinglyst avtale.

Tryggleik

Dammen i Hellesevatnet er gamal, og har etter vår kjennskap vore lite eller ikkje vedlikeholdt dei seinare år. Då det nye kraftverket trulig vi gi endra tappehastigheit av Hellesevatnet vil dette medføre større påkjenningar på dammen. Av tryggleikssyn ber vi om at det vert utført full revurdering av denne før drift av kraftverket startar opp.

Grunnvatn.

Vi bur rett ned for Harastølen ved Døsjagrovi og har vasskjelder som har tilknytning til vassføringa i Døsjagrovi. Normalt er det vatn i Røssedammen og i elva nedover til om lag kote 600. Derifrå forsvinn vatnet i grunnen, og ein del av dette kjem trulig opp att i kjelda på Harastølen. Vatnet frå kjelda på Harastølen renn deretter like sør for Døsjagrovi i ein bekk nedover til Knutsholten på kote 360 der den renn inn igjen i Døsjagrovi. Vatnet forsvinn deretter i grunnen nedover mot fjorden.

Normalt er det betydeleg vassføring i vasskjelda på Harastølen, og denne reagerer på direkte på vassføringa ved Røssesete. Dette har Harastølen lang erfaring med, og i vinterhalvåret var det vassføringa i denne som var avgjerande for tapping fra Hellesevatnet og dermed vassføringa på Røssesete.

Kjeldene på garden som vert nytta av oss og naboar til drikkevatn reagerer ogso direkte på same vassføringa. Det same gjer to mindre vatningsanlegg på garden, eit med inntak på om lag kote 70 like nord for planlagd røytrase, og eit i Døsjagrovi på kote 98.

I den tida det var sjukehusdrift på Harastølen og det vart spart på vatnet i Hellesevatnet var et ikkje uvanlig at vi varsla Harastølen om låg vassføring i våre kjelder. Harastølen

sørge då som regel for å regulere opp luka i Hellesetvatnet.

Historikken frå tida med sjukehusdrift stadfestar at vasskjeldene nedanfor Harastølen er avhengige av tilførsel frå Røssesete. Vi fryktar at desse kjeldene kan verte turre i kalde og nedbørsfattige vintrar, og turre ettersomrar. Dette er ogso relevant for dei private vasskjeldene i Steinabakken og oppover langs Sanatorievegen.

Utan restriksjonar for kjøring av kraftverket og slepping av vatn frå Hellesetvatn vil det nye kraftverket si slukeevne gje høve til å tømme Hellesetvatnet tidlig på vinteren, og på ettersommaren. I turre periodar med lite anna tilsig, vil Hellesetvatnet kunne tømmast på mindre enn tre veker. Om reint økonomiske vurderingar vert lagt til grunn for kjøring av kraftverket, vil slik tømming av Hellesetvatnet vere ein naturleg konsekvens.

Dette er ikkje akseptabelt for oss, og ber om at utbyggaren vert pålagt slepping av tilstrekkelig vassføring frå Hellesetvatn gjennom heile vinterhalvåret til å gje sikker vassføring på Røssesete og nedover, på same måte som det har vore gjort dei siste 100 år. Alternativt må utbyggaren påleggast eit program for oppfølging av vasskjeldene, og plikt til å syte for alternativ vassforsyning dersom vår bekymring om turre vasskjelder syner seg å stemme.

Restvassføring i Døsjagrovi.

Den nederste flate strekningen av Døsjagrovi har neppe noko gong vore turr. Det hender av hovudelva er turr det siste stykket før det flate området, men i overgangen renn det til ein bekk som syter for vasspegel på det flate stykket. Den nedre flate delen av elva er fiskeførande, og då denne aldri er heilt turr bør det ogso vere høve for gyting i denne.

Denne delen av elva er ogso godt synleg frå riksvegen, og er ein viktig del av landskapet i området. Mange turistar går langs denne delen av elva frå vegen og oppover mot dei Vi fryktar at denne bekken no kan turke inn som følge av ovanfor nemde reduserte grunnvatn. Dette vil då ødelegge det som måtte finnast av gyting.

Vi vonar at ei slepping av vatn frå Hellesetvatnet kan avhjelpe dette, alternativt bør kraftstasjonen leggjast inn til elva i denne overgangen. Noko som vil sørge for betre vassføring i denne estetisk viktige og fiskeførande delen av elva.

Det er ikkje noko teknisk hinder for å legge kraftstasjonen inn til Døsjegrovi for å sleppe undervatnet ut igjen i "rett" vassdrag. Det kan tvert imot vere fordelaktig då siste delen av planlagt røytrase ligg i svært ustabile massar inn i mellom bustader og veganlegg. Noko vi mellom anna har erfart under oppføring av gang og sykkelsti i området. Høgspent kabeltrase ligg i dag like ved mogeleg plassering første stryka."

Brev 22.09.2007:

"Etter å ha lest saksdokumenta frå kommunestyret i Luster den 20 september finn vi det naudsynt å komme med tilleggskommentarer, då vi tidligare har sendt inn våre innspel.

Konsesjonssøknaden hevdar utbygginga har ubetydelig konsekvens for fisk og ferskvassbiologi. Derte er ikkje riktig, noko som ogso klart kom fram på folkemøtet som var arrangert i saka. Der tidlegare maskinmester på Harstølen fortalde om korleis dei drifta magasinet på Hellesete opp gjennom tidene. I fylgje han var det ikkje observert gyting i Hellesetvatnet dei åra nedtappinga var på meir enn ein meter, det var ikkje årvisst å tappe ned til lavare nivå enn dette. Same observasjonar er gjort av grunneigarar og andre som fiskar vatnet, i dei tider St. Jørgens stiftelse og seinare fylkeskommunen dreiv anlegga var det observert gyting og årsklassar med fisk frå åra magasinet berre var lite nedtappa. Vi kjenner ikkje til at det er sett ut fisk i Hellesetvatnet frå oppstart av Harastølen i 1903 og fram til det siste tiåret, og heile denne tida har Hellesetvatnet vore eit rikt fiskevatn.

Etter at Harastølen sette i drift dei nye mikrokraftverka sine, er derimot magasinet heilt tomt kvar vinter, og dermed ingen fiske reproduksjon. Det vert no berre observert fisk frå St par årsklassar som grunneigarane har sett ut på eige initiativ.

Vi vil derfor igjen be Dykk pålegge regulanten eit reguleringsregime som er tilpassa fiskereproduksjon eller årlig utsett av fisk.

Vi har bedt Dykk vurdere ei alternativ plassering av kraftstasjonen som vil føre avløpet av kraftstasjonen ut igjen i riktig vassdrag.

Dette vil gi sikker sommarvassføring i den delen av elva som er mogeleg å gå for anadrom fisk. Det er frå tid til annan observert og fiska sjøaure i dei nederste hundre meter av elva. Det vil gi sikker vasspegel i den delen av elvefaret som er mest synleg for forbipasserande. Ved å plassere stasjonen her vil ein unngå den nederste biten av planlagt rørtrase, som er lagt i svært vanskeleg terreng.

I sakspapira frå Luster kommune er der hevda at dette vil gi eit falltap på 50 meter, dette er ikkje riktig. Ved plassering like inntil elva der den går over i det flate området vil turbin kunne plasserast om lag på kote 6.

Ved å legge rørgata inn til elva som vedlagt kartskisse viser vil ein kunne legge rørtraseen i ein gamal veg som ligg i tørr og stabil masse. Dette vil forlenge rørlengda med om lag 100 meter, samstundes som ein slepp å gå inn i det vanskelege området omkring føreslege stasjonsplassering. Utbyggaren vil då også sleppe kostnader med sanering av den gamle taubanestasjonen og vegomlegging.

Underteikna er grunneigarar langs heile den traseen vi føresler, samt at vi eig grunnen under taubanestasjonen som er utbyggaren sitt forslag til stasjonsplassering. Vedlagt kartskisse viser alternativ trasé og kraftstasjonsplassering.”

Brev 15.07.2010:

”Med det vi viser til synfaring den 22 juni, finn vi det naudsynt å sende ytterlegare kommentarer.

Magasinet på Hellesele. (Dam nr. 1581)

Det var svært overraskande at ikkje magasinet med tilhøyrande dam vert rekna som ein del av konsesjonssøknaden. Det er fleire sider ved dette som talar for at dette anlegget no vert handsama saman med konsesjonssøknaden for Døsjagrovi Kraftverk.

Ansvar for tryggleik og teknisk tilstand på dammen bør ligge til den som no har inntekt av vassfallet, som ser ut til å være Døsjagrovi Kraftverk BA.

Nøyaktig alder på dammen er ikkje kjent for oss, men den er i alle fall oppført før 1920.

Dammen er i naturstein med betongforsterking, det er noko lekkasje gjennom dammen.

Damluka er svært dårleg, og let seg vanskeleg regulere. Luke og lukeføringer har mykje korrosjon og for å regulere luka vert det benytta spett og slegge på rattet.

Om luka skulle havarere, vil det ikkje medføre noko skade på vassdraget nedover, men sjølve dammen vil før eller seinare representere ei fare om den ikkje vert vedlikehalden.

Reguleringsføresegnene, eller mangel på slike er ikkje akseptable for å drifte eit slikt magasin i dag. Ut frå vedlegg 7 i konsesjonssøknaden, kan det sjå ut som søkjar har til hensikt å kjøre ned magasinet i sommarhalvåret. Dette vil ha svært uheldig verknad for fisk i vatnet og naturopplevinga. Området er mykje nytta til rekreasjon og fiske.

Rettar til vatningsvatn frå Helleselevatnet og vatna nedanfor

Håndgivelse / demningsrett frå rettighetshavarar datert 3. november 1897 avgrensar St Jørgens Hospital sine rettar til vatnet etter at det er benytta på Harastølen: det skal sleppast ut att i elva.

Rettigheitsgjevarane har også rett til å bygge på ei ekstra høgd på dammen for å sikre seg vatningsvatn. Dette vatningsvatnet er sjølv sagt tenkt nytta i vekstperioden, skal denne avtala kunne innfriast, vil ikkje utbyggaren kunne regulere ned vasstanden i Hellestetmagasinet i sommarhalvåret. Alternativt vil dei då måtte tappe vatn tilsvarende det rettigheitsgjevarane vil kunne magasinere bak ein evt. påbygging av dagens dam, eller etablere vatningsanlegg for dei grunneigarane som har gitt denne retten til St Jørgens Hospital som då var utbyggjar. Sjølv om fleire av dei som i si tid gav denne retten til St. Jørgens Hospital i ettertid har solgt sin del av Døsjaelva til Lyster Elektrisitetsverk til "frembringelse av elektrisk kraft" so var dette salget basert på den kraftstasjonsløyninga som då vart oppført og var i bruk fram til no i seinare tid. Denne baserte seg på undervatnet frå kraftverket på Harastølen og overløpet på vasskjelda på Harastølen. Volumet ut frå desse to "kjeldene" var nok større enn slukeevna til gamle Døsen kraftstasjon ved Frudammen, som var so lita at den hadde liten effekt på restvassføringa i Døsjaelva.

Det er soleis ikkje riktig som det vert hevda i kapittel 2.6 i konsesjonssøknaden at Harastølen AS har alle vassrettar knytt til Hellestetmagasinet.

Vi meiner derfor at NVE ikkje kan gje Døsjagrovi Kraftverk BA ein konsesjon som tillet at denne rettar som tilkjem dei som i si tid gav St. Jørgens Hospital denne "demningsretten" vert skadelidande.

Minstevassføring og vassforsyning.

Forslaget til slepping av minstevassføring på Røssesete er so lite at dette vatnet vil forsvinne i grunnen dei første hundre meterane av elveløpet. Dette kan observerast ved at elva ved den øverste av dei to mikrokraftverka til Harastølen er turr sjølv om det er overløp på Røssesete. Sjølv med overløp på mange hundre liter i sekundet på Røssesete er elva heilt turr ved om lag 300 m.o.h. Dette viser at det er nedstrøms dammen på Røssesete at det meste tilsiget til grunnen skjer, og ikkje oppstrøms dammen som konsesjonssøknaden hevdar.

Kjøring av mikrokraftverka på Harastølen har derimot stor verknad på vassføringa i nederste del av elva. Erfaring med eige mikrokraftverk viser at like etter at desse Harastølen sin mikrokraftverk stoppar, avtek vassføringa i vår inntaksdam. Dette viser at store deler av det vatnet som ikkje vert "transportert" forbi det grovura elveløpet mellom Røssesete og Harastølen forsvinn i berggrunnen.

Det som sikra vassforsyninga tidligare var at Hellestetmagasinet var benytta nettopp til vassforsyning, og forsiktig vart tappa gjennom heile vinteren for å halde vasstanden i kjelda på Harastølen. Denne sleppinga vil ikkje kunne gje nok vatn til minstevassføring i tillegg til minste slukeevne til den turbinen Døsjagrovi Kraftverk BA planlegg.

Det som derfor blir hevda i konsesjonssøkaren og under synfaringa: at magasinet på Hellesete skal driftast akkurat som tidligare ikkje kan være riktig.

Kulturlandskapet ved Døsen.

Namnet på kraftverket er noko misvisande, og dekkjer over det faktum at elva som vert turlagt faktisk er ei elv, og særleg nedre del av elva har stor rekreasjonsverdi. Dei nedste hundre meterane av elva er noko av det mest markante av kulturlandskapet i bygda, turrlegging av denne elvestrekninga vil etter vår meining være eit stort inngrep som ikkje kan aksepterast. Sjølv om elva er kalla Døsjagrovi i ELVIS, så heiter denne lokalt Døsjaelvi. Bekken som kjem ned der utbyggaren foreslår plassering av kraftstasjonen heiter Frudamsgrovi, og vatnet der kjem frå fleire små kjelder frå 50 til 200 meter oppover i bakken.

Vi som grunneigarar har stilt oss villige til ei alternativ plassering av kraftstasjonen som vil sikre vassføring av denne viktige elvestrekninga. Ved å plassere kraftstasjonsutløpet omlag på kote 25, vil ein bevare den nedste fossen i elva som er svært viktig for opplevinga av elva, og den nedre flate delen som går mellom vakre natursteinsmurar.

Om ein dreg ein parallell til Engjadalselvi der konsesjon vart avslege grunne m.a. estetiske forhold, vil det planlagde inngrepet i Døsjaelvi være betydelig meir omfattande. Engjadalselvi sin flate del frå Tandle og til fjorden ville ikkje ha vorte monaleg berørt, medan her er det planlagt ei utbygging som vil turrlegge dette viktige elveutløpet totalt.

Vi har diskutert kraftstasjon og vassveg med ein entreprenør som ogso har tilbydd Døsjagrovi Kraftverk BA å bygge kraftstasjon i fjell med tunell og sjakt. Kraftstasjonen var då tenkt plassert der vi har tilbydd Døsjagrovi Kraftverk BA plassering.

Tunellmassane vil kunne plasserast direkte i ein båthavn molo som ligg inne på gjeldande reguleringsplan 70 meter nord om elveosen.

Alternativt vil ein kunne legge ein ny røytrase på nordsida av elva, der terrenget vil vere mindre krevjande enn på sørsida, samt at traseen ogso vil verte monaleg kortare.

Vi er grunneigar med leigeavtale for nedre taubanestasjon, samt ein del areal på oversida av riksvegen her. Denne leigeavtala gjev ikkje rom for å omdisponere bruken frå taubane til kraftproduksjon.

Vi er ogso eigar med leigeavtale for det arealet Luster Energiverk no disponerer til den gamle kraftstasjonen og trafostasjonen. Desse avtalene og forlik som vart inngått i h.h.v. 1900, 1923 og 1986 er ikkje i tråd med dagens forskrifter andsynes leige av fast eigedom over ein periode på meir enn 10 år, og kan derfor etter vår meining ikkje nyttast til å krevje utvidelse av areal eller fornying av anlegg. Vi kjem til å motsette oss slike endringar og utvidelsar i dette området.

Vi har vore aktive i Luster Bygdeutval som har stått for bygging av gangveg på dugnad. Vi forsøkte ogso å passere området der Døsjagrovi Kraftverk BA har tiltenkt plassering av kraftstasjonen, dette med det resultat at deler av bakken rasa ut. Vi hadde då store problem med å stabilisere denne igjen, då denne nok ligg heilt i grenseland for naturleg rasvinkel. I følgje ein no avdød nabo til den gamle trafostasjonen, ogso ny kraftstasjonstomt, er det pæla under deler av denne då her var djup leirbotn. Dette i tillegg til den bratte helningsvinkelen gjer at vi ikkje ser som ynskjeleg at terrenget her vert berørt.”

Kari Lavoll, brev 31.08.2007:

”Elvi på Røssesete og grovi frå Skabakkvatnet er viktig for området i sørvest på den same måten som Døsjaelvi er viktig for nordaust området. (jfr. brev av 25.05.2007 frå Hans Vigdal Bringeboen) Her er det mange drikkevasskjelder/oppkommer som kan bli påverka dersom vassføringa vert endra. Det er mange som bruker dette vatnet, einebustader, allsidig landbruk med trong for vatningsvatn, turistverksemd og utleiehytter m.m.. Såleis må vi på det sterkaste krevje at utbygginga ikkje medfører endringar i den eksisterande vassforsyning.

Underteikna er eigar av gnr.50, bnr. 1 med vårstøl på Stuagjerdet som grensar opp til Harastølen. Her minner vi om vår køyrerett til Stuagjerdet gjennom tunet på Harastølen. I tillegg minner vi om vår buføringsveg som går over den nedre delen av Harastølen. I begge tilfelle har Harastølen plikt til å halde bruene vedlike. Her må utbygginga ikkje hindra fri ferdsel mellom garden og stølen.”

Harald Hærum og Lars Kalstad, brev 29.08.2007:

”Viser til ”Vedr søknad om å bygge Døsjagrovi kraftverk i Luster kommune” frå Håkon Fuhr der me ogso har skrevet under.

I tillegg til det er det ein vassrett som kun berører oss som er på sørvest sida. Ein stor del av vatnet som renn i Skabakkgrovi har alltid vore leda ned mot Gjøng, via ei gammal vassveit som vart bygd ca år 1900. Dette er veldig viktig for vatnings vatn om sommaren, og grunnvatnet generelt. Vi som bur her i grenda tek det som sjølvstøtt at det ikkje vert nokon endring i terrenget eller liknande, som kan øydelegga for å leda vatnet frå Skabakkgrovi ned mot Gjøng.”

Ivar Devold, brev 22.09.2007:

"Det vises til høringsmøte i samfunnsalen på Døsen skule den 14 september d.å. der vi ble informert om planene for ovenfor nevnte prosjekt.

I den anledning vil jeg uttrykke sterk bekymring for tap av vannkildene (fleire oppkommer) som vi er avhengige av på våre eiendommer; g.nr.43 b.nr.8 og g.nr. 45 b.nr.2, til sammen 300 daa.

Det kan være stor sansynlighet for at disse oppkommene kan bli tørrlagte dersom elva blir lagt i rør fra Røssesete til Sanatoriekaien.

Jeg ber derfor om at disse oppkommene blir registrert før utbyggingen slik at eventuelle kostnader som måtte oppstå ved behov av ny vasstilførsel til de to brukene, kan belastes kraftverksutbyggerene.

For øvrig vil vi råde utbyggerne til å ta et møte med herr. Knut Stupelshaugen 6872 Luster for å få detaljerte opplysninger ang. tidligere regulering av elva. Denne oppgaven har Stupelshaug utført i flere titals år, uten noen problemer med grunnvannstanden for tilgrensede bruk."

Tilleggsopplysningar

Luster Energiverk, brev 11.05.2009:

"Rettar:

Utgangspunktet for utarbeidinga av konsesjonssøknaden for Døsjagovi Kraftverk var at Harastølen AS disponerte alle rettar knytt til det gamle kraftverket på Harastølen (bygd i 1901) og at Luster Energiverk AS disponerte alle rettar knytt til gamle Luster Kraftverk (bygd i 1915). Då rettane ikkje var godt nok sikra og gamle avtalar utydelege, har Luster Energiverk AS (LE) etter høyringa arbeidd med å fornye og inngå avtalar med rettshavarar langs vassdraget. Den største fallrettseigaren kor det ikkje var klargjort/vidareført avtale om fallrettane, Opplysningsvesenets fond, har gått inn i utbyggingsselskapet tilsvarande sin del av fallet. Under er ein oversikt over grunneigarforhold langs elva og planlagt røyrgate:

<i>Kote</i>	<i>Gnr/bnr</i>	<i>Grunneigar</i>	<i>Disponering av rettar</i>
<i>Fallrettar på sørsida av elva</i>			
0 - 45	47/1	Olav Døsen Andersen	LE disponerer fallrettane etter skylddeling av 14.06.1917 og skjøte 07.04.1923. Årleg erstatning gjennom frikraft.
45 - 195	44/1	OVF	OVF deleigar i Døsjagrovi Kraftverk AS.
195 - 362	44/4	Ingar Stølen	LE disponerer fallrettane etter handgjevingsavtale av 20.07.1914 og stadfesting av avtale av 09.03.2007.
362 - 454	48/1	Håkon Fuhr	LE disponerer fallrettane etter handgjevingsavtale av 31.07.1914 og stadfesting av avtale av 23.11.2007.
454 - 744	48/2	Harastølen AS	Harastølen AS deleigar i Døsjagrovi Kraftverk AS
<i>Fallrettar på nordsida av elva</i>			
0 - 180	47/1	Olav Døsen Andersen	LE disponerer fallrettane etter skylddeling av 14.06.1917 og skjøte 07.04.1923.
180 - 244	44/4	Ingar Stølen	LE disponerer fallrettane etter handgjevingsavtale av 20.07.1914 og stadfesting av avtale 09.03.2007
244 - 275	42/9	Ingar Stølen	LE disponerer fallrettane etter handgjevingsavtale av 20.07.1914 og tinglyst skjøte og skylddeling 24.04.1918
275 - 288	42/3	Håkon Bringe	LE disponerer fallrettane etter avtale datert 24.04.2009.
288 - 325	42/30	Jorid Hauge Olsen	LE disponerer fallrettane etter handgjevingsavtale av juni 1914 og stadfesting av avtale av 09.03.2007
328 - 390	42/9	Ingar Stølen	LE disponerer fallrettane etter handgjevingsavtale av 20.07.1914 og stadfesting av avtale av 09.03.2007.
390 - 744	48/2	Harastølen AS	Harastølen AS deleigar i Døsjagrovi Kraftverk AS.
<i>Grunnrettar til røyrgate</i>			
0 - 8	47/1	Olav Døsen Andersen	Uoppsigeleg leigeavtale med grunneigar om kraftstasjon og trafo (som i dag) etter avtale av 04.08.1922.
8 - 12	47/29	Åse Bruland Lavoll	Frådelte frå 47/1 i 1950, dvs, etter avtale inngått med dåverande grunneigar (47/1) om rett til legging av

			røyrgate (inkludert justeringar) av 04.08.1922.
12 - 25	47/19	Hans Johan Dregni	Fråddelt frå 47/1. Avtale inngått med dåverande grunneigar om rett til legging av røyrgate (inkludert justeringar) av 04.08.1922 gjeld.
25 - 95	47/1	Olav Døsen Andersen	LE har rett til å legge røyrgate inkl. justeringar over eigedom etter avtale av 04.08.1922.
95 - 450	48/1	Håkon Fuhr	LE har rett til å legge røyrgate inkl. justeringar over eigedom etter handgjevingsavtale av 31.07.1914 og stadfesting av avtale av 23.11.2007.
450 - 744	48/2	Harastølen AS	Harastølen AS deleigar i Døsjagrovi Kraftverk AS.

Basert på oversikten over disponerer utbyggingssselskapet Døsjagrovi Kraftverk alle fallrettane i den påverka delen av vassdraget. Døsjagrovi Kraftverk har og naudsynte rettar til bygging av ny kraftstasjon og legging av røyrgate. Detaljerte avtalar med grunneigarane om praktisk gjennomføring, opprydding og kompensasjon for midlertidige hefter vil det bli jobba med fram mot detaljplanar. Grunneigarane vert naturlege samarbeidspartnarar for å få til best mogleg løysing for alle parter. Utbyggjar er i dialog med grunneigarane.

Konsekvensar for drikke - og vatningsvatn:

Utbyggjar ynskjer ikkje å påverke desse rettane, korkje volummessig eller kvalitetsmessig. Mykje av denne ressursen er knytt til ulike oppkomme og det er i utgangspunktet uoversiktleg korleis desse heng saman med elva. Utbyggjar engasjerte Førsteamanuensis, PhD Helge Henriksen hos Høgskulen i Sogn og Fjordane for å vurdere konsekvensane av utbyggingsprosjektet.

Det vart sett ut loggarar og føreteke prøvar i fleire sentrale oppkome for å sjå på samvariasjon med elva og korleis grunnvatnet beveger seg gjennom området. Rapporten viser at det er liten samvariasjon med den påverka elvestrekninga og at konsekvensane for oppkommene vil vere små. Rapporten ligg vedlagt. ”

Brev 04.08.2011:

I samband med sluttsynfaringa kom det opp ulike tema som vart diskutert. Vi vil her kommentere dei innspel vi har fått.

Reguleringsmagasin

Døsjagrovi kraftverk vil redusere reguleringa og tilpassse LRV slik at ein kjem under 500 naturhestekrefter.

Reguleringsregimet på Hellestvatnet skal ikkje endrast frå "tidlegare drift". Hydrologisk rapport viser og viktigheita av rennande vatn mellom reguleringsmagasin og planlagt inntak.

Alternative trasear/kraftverks plassering.

- Trase på nordsida har vegtilkomst eit stykke oppover og traseen vil i første del gå over innmark/beitemark. Øvre del er bratt og urete. Alternativt kan ein krysse elva fleire gonger. Traseen er mogleg å få til men ikkje utan problem. I utgangspunktet har me ikkje rettar til å legge røyrgate og kraftstasjon her. Dette gjev både meirarbeid og kostnader.
- Trase rett ned på Døsen vil gå gjennom eit område som lokalkjente ikkje anbefaler oss å gå i. Her er mykje grov ur og vil krevje omfattande terrenginngrep med røyrgate. Det må og byggast fleire nye tilkomstvegar. Røyrгатetraseen er i større

grad eksponert mot sentrum i bygda. Traseen vil og måtte gå gjennom eller i nærleiken av identifisert edellauvskogområde (omtala i miljørapporten). I utgangspunktet har me rettar langs denne traseen, men ikkje rett til kraftstasjonplassering. Det er og gjort vurderingar rundt eit tunnelalternativ i dette område. Dette vil fordyre prosjektet monaleg og vi har heller ikkje enno komme til enigheit med grunneigar om disponering av kraftstasjonsområde.

- Omsøkt røyrgatetrase er relativt godt eigna som trase. Her er både lausmassar og fjell. Traseen er naturleg nok bratt, men ikkje brattare enn andre stadar og ligg i eit søkk i terrenget. Nedre del mot taubanebygget er bratt og det renn mykje vatn i heile området. Her vert det ei anleggsmessig utfordring som krev god planlegging og sikker gjennomføring. Vi meiner dette er den beste traseen og står på at det er den vi søker konsesjon på.

Kulturminne

I konsesjonssøknaden punkt 3.8 har vi sett fokus på kulturminner, og vi vil vidare halde dialog med fylkeskommunen i detaljplanprosessen.”

Søklar sine kommentarar til innkomne uttalar

Innkomne uttalar er oversendt Luster Energiverk 13.09.2007 og 08.05.2009. Uttalane er kommentert slik i brev av 31.05.2010:

”Det kom inn 17 merknadar til konsesjonssøknaden i høyringsperioden. Hovudpunkt i kvar einskilt merknad er drege ut og kommentert fortløpande. Tema som går att vert vist til tidlegare kommentarar.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.

Merk 1: *Usikre på kva konsekvensar utbygginga får for landskapet i området, særleg vil den lange røyrgata verte svært synleg. Ut frå søknaden er det vanskeleg å få noko inntrykk av landskapseffektane frå fjorden, noko som er viktig for Luster.*

Komm.: *Prosjektet er omtala i fagrappporten som ligg til grunn for Luster kommune sin kommunedelplan for små kraftverk, vedteken januar 2007. Aurland Naturverkstad BA har vurdert konfliktpotensialet som lite. Elva er lite synlig nært, men meir synleg frå andre sida av fjorden. Elva er ein del av kulturlandskapet, men ikkje det dominerande landskapselementet. Menneskelege tiltak som innmark, beitemark, gränfelt, kraftlinjer og veger gjer landskapet meir tolerant mot nye tekniske inngrep. Frå fjorden vil røyrgatetrase verte synleg, men dette vil gro til over tid.*

Merk 2: *Det er viktig at kraftstasjonen får ei plassering og utforming som er tilpassa det særeigne bygningsmiljøet i området. Ein ny kraftstasjon må sjølvstendig få ei mykje betre utforming og tilpassing enn den gamle.*

Komm.: *Kraftstasjonsutforminga er omtala i konsesjonssøknaden både i kap.2.2 og kap.3.8. Bygningsmiljøet er variert i området frå sveitsarstil (t.d. Døsen gard) til jugendstil (t.d. taubanebygg) og ”alt” mellom. Som omtala i konsesjonssøknaden ynskjer tiltakshavar å ta omsyn til eksisterande bygningar som den gamle kraftstasjonen og la arkitektar finne ei løysing som tilfredstillar tekniske krav og estetiske behov.*

Merk 3: *Det er sjølvstendig eit minstekrav at det skal vere minstevassføring*

Komm.: *Viser til kap.4.0 i konsesjonssøknaden.*

Luster Bygdelag.

- Merk 1:** Ber om at utbyggjar gang- og sykkelvegen vert førd forbi "kaitunet" til gamle Sanatorievegen.
- Komm.:** Det er ikkje avklara korleis "kaitunet" skal utformast eller til kva formål. Derfor kan ikkje utbyggjar føregripe denne avklaringa.

Sogn og Fjordane Turlag.

- Merk 1:** Det er fleire turmål i nedbørsfeltet til Døsjagrov; Fivlenosi, Jagershaugen og Grånosi. Området frå inntaket er fint for både turgåing, fiske, bærplukking og jakt.
- Komm.:** Med eksisterande veg opp til eksisterande inntak, vert ikkje utfartsområdet påverka av prosjektet
- Merk 2:** Positivt at det er omsøkt minstevassføring heile året. SFTurlag meiner det bør sleppast meir minstevassføring (100 l/s).
- Komm.:** Miljørapporten vurderer potensialet for kravfulle og raudlista artar i vassdraget å vere dårleg. Regulering av vassdraget i over hundre år, liten naturleg vassføring samt bratt topografi utan fossefall og kløfter tilseier veldig lite vassdragsnatur som er knytt til vassføringa i vassdraget. Utbyggjar meiner årleg minstevassføring dekkar behovet for stabil vassføring.
- Merk 3:** Eksisterande inntak må reknast som eit kulturminne og påbygging må ivareta det estetiske.
- Komm.:** Dammen på Røssesete er gamal, men påbygd. Det er berre nedre del som er av stein og truleg frå den opphavlege dammen. Dagens inntaksarrangement står midt inne i inntaksdammen og dette kan ikkje brukast til det nye kraftverket. Truleg vil ein måtte bygge om att heile inntaksdammen med nytt inntaksarrangement for å få ei driftssikkert og stabilt drit på anlegget som tilfredstiller dagens krav. Det er ikkje formålstenleg å flytte dammen då han ligg naturleg til i terrenget og ein kjem greitt ut med røyrkata.
- Merk 4:** Ber om at NVE set LRV maksimalt 2,6 meter under HRV. Det er viktig av omsyn til naturopplevingane, fiske, bruk av båt på vatnet mm. At magasinet er oppfylt om sommaren. Det bør ikkje vere tillete å tappe magasinet mellom 1.juni og 30. september.
- Komm.:** Reguleringsmagasinet på Hellestvatnet vart etablert for over hundre år sidan. Magasinet er med på å jamne ut tilsiget i Døsjagrovi gjennom året, noko som er naudsynt for vassstilførsla i diverse oppkomme som vert nytta til drikkevatn og vatningsvatn.

Det er ikkje planar om å endre reguleringsnivået i Hellestvatnet i samband med kraftverksprosjektet.

Vedlegg 7 i konsesjonssøknaden viser at magasininfyllinga varierer med tilsiget i våte og tørre år. Generelt vert magasinet fylt opp med vårmeltinga frå midten av april til midten/slutten av mai. Avhengig av snømengda i fjellet og nedbør om sommaren held magasinet seg fullt til kring starten av august (middels år). Dette er ofte ein tørrare periode før nedbøren fyller magasinet utover hausten att. Sjølv i eit tørt år er ikkje magasininfyllinga mindre enn halve kapasiteten i magasinet på ettersommaren. Reguleringsmagasinet skal primært sikre tilsig i

vinterhalvåret når naturleg tilsig er fråverande, men reguleringsmagasinet gjev og sikker kraftproduksjon i tørrare deler av sommarhalvåret og bidreg positivt til den samla kraftproduksjonen i kraftverket. Dette sikrar og andre interesser i vassdraget. Hellestvatnet har vore eit reguleringsmagasin i over hundre år og vasstanden har i denne perioden variert. Utbyggjar ynskjer å framleis nytte Hellestvatnet som eit reelt reguleringsmagasin gjennom heile året, noko som sikrar kraftproduksjon og jamt tilsig i vassdraget gjennom heile året.

Merk 5: *Ei alternativ plassering av kraftstasjonen på sørsida av Døsjagrovi, vest for Døsen med utslepp i elva på høveleg stad mellom kote 10 og 20 bør vurderast. Siste del av røytraseen må endrast noko, men det vil ikkje kome i konflikt med verdifulle naturtypeområde. Fordelen er at kraftstasjonen kjem lenger frå vegen, mindre i konflikt med kulturminne og elva kan få levelege vilkår for anadrom laksefisk.*

Komm.: *Endeleg vurdering av kraftstasjonsplassering må legge stor vekt på kulturminnestyresmaktene sitt syn og legge stor vekt på støydemping. Grunnforholda i prosjektområdet er utfordrande med bratt og opprevna fjell. Området er og prega av store område med veldig grov ur. Arbeidet med å legge røyrgata kan verte veldig utfordrande dersom grunnforholda ikkje er stabile nok, noko som vil krevje omfattande inngrep for å stabilisere grunnen. Kraftverket vil og ha veldig høgt trykk, noko som gjer stabiliteten i grunnen ennå viktigare.*

Omsøkt trase vil ha utfordrande parti, men her er det tidlegare etablert røyrgate (gamle Harastølen og Luster kraftverk) og ein unngår område med den grovaste ura. Utbyggjar meiner derfor at det ikkje er formålstenleg å legge traseen nærare elva frå Knusholten. Utbyggjar meiner og at det ikkje er formålstenleg å legge traseen tilbake til Døsen under urområdet like bak busetnad på grunn av potensialet for ustabilitet på tvers av retninga til røyrgata

Utforminga av kraftstasjonen vil ta estetisk omsyn i forhold til terreng og bygningsmiljøet som omtala i konsesjonssøknaden. På grunn av omliggande busetnad vil det verta lagt vekt på støydemping i planlegging av kraftstasjonen.

Merk 6: *Mellombelse vegar må som hovudregel fjernast. Vegar bør ikkje gå oppover/nedover fjellsida. Ber om at NVE krev alt i konsesjonsfasen avklarar kva nye vegar som eventuelt vert permanente.*

Komm.: *Skogen i området vert i ulik grad teke ut som tømmer og ved. Det er fleire skogsvegar i området som vil kunne nyttast i anleggsperioden. Desse vil ikkje bli fjerna. Ny tilkomstvegar/forlengingar av eksisterande vil i hovudregelen bli fjerna. Transport oppover og nedover fjellsida skal i hovudsak skje langs røyrgata, men er avhengig av lokale forhold. Endeleg plan for anleggsvegar og utforming vil måtte skje i dialog med entreprenør og skje i detaljprosjekteringa.*

Åse Bruland Lavoll (dat. 27.08.07).

Merk 1: Ei ny røyrgate vil rasere det som med mykje strev er opparbeidd av veg, kloakk og uteområde. Utbyggjar vil aldri klare å gjenscape området slik det er opparbeidd + tryggleik for at alt fungerer.

Komm.: Legging av ny røyrgate med naudsynt forankring og omfylling vil krevje omfattande arbeid i grunnen. Dette vil påverke eksisterande veg og kloakk, men dette er element som kan ordnast til att.

Etter innspel har ein sett nærare på detaljane rundt kraftstasjonsområdet. Ved å legge røyrgata på andre sida av Frudamsgrovi, er terrenget betre og risikoen for setningar mindre. Området vil bli sett i stad etter inngrepet i minst like god stand som før.

Merk 2: Grunnen på eigedomen er veldig ustabil og det skal ikkje gravast meir her. Komm.: Massane rundt kraftstasjonen er utfordrande og delvis vassjuke. Justering av trase ned i lågaste søkket (ned mot Frudamsgrovi) reduserer faren for utrasing. Det er og mogleg å sikre massane rundt sjølve graveområdet med t.d. spunting. Utbyggjar er bevisst utfordringane i dette området og vil ta førehandsreglar og gå i dialog med grunneigar/naboar.

Merk 3: Søkningen er mangelfull med omsyn til kva konsekvensar det har for menneske å bu nær kraftstasjon; støy, elektromagnetisk stråling og konsekvensar av røyrbrot. Kva om planlagt støyreduksjonen ikkje er nok? Elektromagnetisk stråling er ikkje nemnd.

Komm.: Det er ikkje uvanleg at det er busetnad nær kraftstasjon. Om lag ein kilometer lenger nord i bygda, er eit småkraftverk nyleg sett i drift. Når det gjeld støy kan det gjerast tiltak som reduserer støyen (vasskjølt generator, gummigardiner i utløpskanal, lydfeller og generell lydisolering). Bevisstgjeriing i planleggingsfasen vil gje gode løysingar.

Sikkerheitsklassifisering av anlegget blir fastsett av NVE, noko som gjev prosedyrar for anleggsfasen og driftsfasen. Dette skal sikre og verne naboar og andre samfunnsinteresser.

Elektromagnetiske felt oppstår ved alle straumførande objekt. Nivået i ein vanleg norsk bustad er kring 0,1 mikrotlesla (μT). Styrken på feltet er blant anna avhengig av straumstyrken og avstanden til straumkjelda. Problemstillinga er sentral ved planlegging av nye store kraftlinjer. Styrken på feltet vert redusert med ein faktor på $1/r^2$ for straumleiarar (r er avstand til kjelda). Dvs. at styrken på feltet vert redusert til $1/4$ ved dobling av avstand. Det vil også oppstå relativt sterke magnetfelt i samband med generator og transformatorar. Styrken på feltet frå desse komponentane vert redusert med ein faktor på $1/r^3$. Dvs. at styrken på feltet vert redusert til $1/8$ ved dobling av avstand. Det er ikkje gjort offentlege tilgjengelege målingar i kraftverk, men det er gjort målingar av større transformatorstasjonar knytt til linjenettet. I følge Statens strålevern vil magnetfeltet ved ein større nettstasjon vere nede i kring 0,1 μT ved ca. 10 meters avstand frå yttervegg. For mindre nettstasjonar er tilsvarende avstand 5 meter. Dei internasjonale framlegg til grenseverdi for denne type magnetfelt er på 100 μT eller meir. Effekten av det elektromagnetiske feltet på den einskilde vil variere og nokre er meir plaga enn andre. Likevel skulle det magnetiske feltet frå generator/transformator vere betydeleg lågare enn magnetiske felt frå vanleg elektriske hushaldningsartiklar

(minimum 30 meter til kraftstasjon). Informasjon er henta frå Statens Strålevern og forskar Nils Arild Ringheim hos Sintef.

- Merk 4:** *Manglande utgreiing av alternativ plassering av kraftstasjon og røyrgate. Røyrgata er ein stor S og det vil vere mellom 250 og 300 meter kortare å gå meir rett ned lia. Dette vil gjere at kraftstasjonen vil ligge meir usjenert til og føre vatn tilbake til elva. Planlagt plassering er ikkje heldig for turistvegen og turistbygda,*
- Komm.:** *Viser til Merk 5 til Sogn og Fjordane Turlag om plassering av røyrgate.*

Det er planlagt å gjere la den nye kraftstasjonen vere "henge saman med" den gamle kraftstasjonen. Då utbyggjar ser det som viktig at kraftstasjonen og uteområde står fram på ein god måte, vil arkitektar jobbe med uttrykket og samanføyinga med det gamle kraftverket. Endeleg utforming vil ein måtte kome tilbake til. Utbyggjar meiner prosjektet som omfattar både det gamle og det nye vil kunne vere eit tilskot til opplevinga av bygda og området.

Hans Urdahl m.fl.

- Merk 1:** *Grunneigarane på Saude inngjekk i 1869 avtale med grunneigarane på Røssete om overføring av vatn i tørre periodar via den opparbeida "Sausveiti". Etter bygging av minikraftverk, har inntaket på Krekaelvi i fleire år vore tørrlagt. Grunneigarane fryktar at det ikkje vert vatn att til Saude.*
- Komm.:** *Som omtalt i brev datert 01.03.07 skal ikkje det nye prosjektet hindre vassstilgongen til Saude. For å sikre tilgongen er det planlagt uttak av vatn til Saude i inntaksdammen.*

Hans Vigdal Bringebøen.

- Merk 1:** *Viser til eldre avtalar om bruk av vatn ved oppretting av Luster kraftverk..*
- Komm.:** *09.11.2009 vart avtale med grunneigar Hans Vigdal Bringebøen (42/1,2 og 10) og Hans Bringe (42/3) om overdraging av fallrettane mellom kote 275 og 288 på nordsida av Døsjagrovi til Luster Energiverk tinglese.*
- Merk 2:** *I dag er det om lag 25 husstandar + kommunen som får vatn frå oppkommer på eigedomane til Bringebøen. All vassforsyning i Lustrabygda kjem frå oppkommer og mange har bruksrettar til bruk i eit allsidig landbruk. Det er viktig at vassforsyninga ikkje vert forringa. Ber om at vassforsyning vert nøye vurdert og utgreidd før ein konsesjon vert gjeven.*
- Komm.:** *Vassforsyninga i Lustrabygda er komplisert og uoversiktleg. Utbyggjar engasjerte hydrolog hos Høgskolen i Sogn og Fjordane for å greie ut konsekvensane for lokal vassforsyning ved bygging av planlagt prosjekt (sjå vedlagt rapport). Det vart sett ut loggarar i eit utval av kjelder, både nord og sør for Døsjagrovi og gjort ulike testar for å sjå korleis tilsiget til grunnvatnet skjer og sjå på samvariasjon med den påverka delen av vassdraget. Resultatet viser at vatnet har gått i grunnen lenge før det kjem til oppkommene og i liten grad heng saman med vatnet i elva på den påverka strekninga. Tilsiget kjem i hovudsak frå vassdraget i sprekkesystem oppstrøms inntaket. Konsekvensen av omsøkt vasskraftprosjekt på vassforsyninga i Lustrabygda er dermed vurdert som liten.*

Ottar-Jan Bolstad.

- Merk1:** *Er prinsipielt i mot å flytte eit vassdrag over til eit anna. Kraftstasjonen bør leggest ved Døsen. Dette sikrar vassføringa i nedre del av Døsjegrovi og det bør vere enkelt å legge om traseen.*
- Komm.:** *Sjå kommentar Merk 5 til Sogn og Fjordane Turlag.*
- Merk 2:** *Protesterer mot plassering av kraftstasjonen ved Frudamgrovi på eigedomen 47/28. Her einaste moglegheit for parkering på vår eigedom. Det er mogleg å anlegge bilveg til eigedomen ved å endre og utbetre eksisterande veg. Dersom hovudveg vert lagt om kan det gå ann å få til eit makeskifte*
- Komm.:** *Kraftstasjonen er ikkje mogleg å plassere på eigedom 47/28 utan omfattande endringar av riksvegen. På grunn av uavklarte alternativt bruk av taubanebygg (enn til kraftstasjon), ser ein per i dag ikkje at det er mogleg å legge om riksvegen som del av dette kraftverksprosjektet. Alternativet er å erstatte den gamle transformator kiosken bak den gamle kraftstasjonen med nytt kraftverk inkludert trafo. Eigedomen 47/28 sin parkeringsplass vil i så fall bli påverka i anleggsperioden og utbyggar er i dialog med grunneigar om moglege løysingar for parkering og tilkomst til eigedom.*
- Merk 3:** *Grunneigar har vassforsyning frå oppkomme like ved den gamle røyr gata og avløp frå septiktank som må sikrast.*
- Komm.:** *Fagrapporten om vassforsyning viser at prosjektet har liten konsekvens for tilførselen i oppkommene, men anleggsarbeid kan påverke oppkomma. I så fall vil utbyggar eit sette i stand att eller erstatte dagens situasjon. Dette vil skje i dialog med grunneigar. Det same gjeld avløpet frå septiktank.*
- Merk 4:** *Krev at støynivået frå kraftverket er lågare enn den til ei kvar tid er frå Frudamsgrovi i dag.*
- Komm.:** *Kraftverket er planlagt nær busetnad og støy vil vere viktig i planlegginga av kraftstasjonen. Tiltak med vasskjøling, generell isolering, etablering av lydfeller og gummigardiner vil redusere støyen til eit minimum.*

Håkon Fuhr m.fl.

- Merk 1:** *Hellesetvatnet har vore regulert sidan førre århundreskifte. Med uttak av periodar med rovfiske, har Hellesetvatnet vore eit godt fiskevatn. I tida Harastølen vart drive som sjukehus har Hellesetvatnet vore lite regulert, men sikra tilsig til Røssesetdammen og vasskjelda på Harastølen. Av vedlegg 7 i konsesjonssøknaden går det fram at magasininfyllinga vil pulsere i løpet av sommaren og verte heilt tømt tidleg kvar vinter. Dette vil skade fiskeproduksjonen og medføre auka erosjon i strandsona på Hellesetvatnet.*
- Komm.:** *Reguleringsmagasinet er planlagt brukt for å betre kraftproduksjonen. I periodar med lite naturleg tilsig vil tilførsel frå reguleringsmagasinet sikre produksjon. Magasinet er relativt lite og har avgrensa lagringskapasitet (1,15 mill m³). Vedlegg 7 i konsesjonssøknaden viser at Hellesetvatnet i store delar av sommaren vil vere fullt, men dette vil variere frå år til år. I delar av ettersommaren er det vanlegvis lite naturleg tilsig og nivået i magasinet vert noko senka. Gjennom vinteren vil magasinet bli senka etter kvart, men dette er med å sikre tilsig til elva gjennom heile året slik som det har vore gjort i over hundre år. Med senking av nivået i Hellesetvatnet vil gyteforhold kunne verta påverka, men dette har skjedd i mange år. Dersom naturleg rekruttering skulle*

verte påverka av reguleringa kan det settast ut fisk. Dette har vore gjort tidlegare for å betre fiskeforholda. Auka pulsering av magasininfyllinga kan gje noko meir erosjon, men vatnet har vore heva og senka i mange år og massane vil ha stabilisert seg.

Merk 2: *Reguleringa av Hellestvatnet har direkte påverknad på vasstanden i vasskjelda på Harastølen og mange av dei private nede i bygda. Om Hellestvatnet vert heilt tomt vinterstid, vil tilsiget på Røssesete vert tilnærma lik null og ein fryktar at mange vasskjelder i bygda vert skadelidande.*

Komm.: *Reguleringsmagasinet på Hellestvatnet skal sikre jamn tilsig i elva gjennom vinteren. Dette sikrar både vasskjelder og stabil kraftproduksjon. Reguleringsmagasinet påverkast berre av om lag halve nedbørsfeltet til vassdraget. Restfeltet vil og bidra til tilsig ved Røssesete.*

Merk 3: *Dammen på Hellesete er i dårleg forfatning og har betydeleg lekkasje. Ber om at tryggleiken for dammen med det nye køyremønsteret vert vurdert.*

Komm.: *Dammen vart bygd i 1912 (den som er eldre ligger innfor) og har hatt regelmessig tilsyn. Dammen er ein murdam. Når dammen vart bygd var det eit krav at dammen skulle tole ei påbygging på 1,5 meter (landbruksinteresser). Den generelle tilstanden på dammen er god og endra manøvrering av magasinet vil ikkje påverke dammen. Hovudtilsynet i 2002 peika på mindre lekkasje i nokre betongfuger og damfeste og at is gjer manøvreringa av luka vanskeleg. Tiltak for å hindre lekkasje og betre styringa av luka er naturlege utbetringar i samband med dette prosjektet.*

Merk 4: *Anleggsarbeidet med prosjektet vil påføre den private vegen opp til Røssesete frå Harastølen betydeleg slitasje. Ber om at utbyggar vert pålagt å utbetre slitasje som vert påført og at vegen vert sett i tilfredstillande stand. Utbyggar må påleggast å delta i årleg vedlikehald på vegen framover.*

Komm.: *Bruk av privat veg vil skje etter avtale med eigarane. Det er naturleg at utbyggar set vegen i stand att etter anleggsperioden og at utbyggar deltek i vedlikehaldet av vegen då utbyggar treng vegtilkomst til inntaket.*

Marianne Hauglum og Olav Døsen (dat. 31.08.07).

Merk1: *Området for planlagt kraftstasjonsplassering har feil gards- og bruksnummer. Underteikna er grunneigar, men Harastølen har ein leigeavtale for området. Denne leigeavtalen gjev truleg ikkje høve for endring av bruksområdet frå taubanedrift til kraftstasjon. Ser det som naturleg at leigeavtalane vert reviderte før utbygginga startar. Røyrgatetrassen passerer 47/10 Hans Johan Drægni som ikkje er oppført i konsesjonssøknaden.*

Komm.: *Rettar og leigeavtalar må vere avklara før utbyggar skal bygge kraftstasjon. Utbyggar vil sjå på leigeavtalen i lag med grunneigar for bygging av kraftstasjonen, men utbyggar meiner å ha rett til å etablere kraftverket på det leigde arealet til Harastølen AS og/eller Luster Energiverk AS.*

Hans Johan Drægni har vorte informert om planane om det nye kraftverket og utbyggar har særleg vore i dialog med han om justering av røyrgatetraseen til nordsida av Frudamgrovi som vil krysse eigedomen hans.

Merk 2: *Avtalen som vart inngått ved bygging av reguleringsmagasinet på Hellestvatnet forplikta utbyggar å bygge ein dam som kunne tole eit påbygg*

for å sikre vatningsvatn til grunneigarane. Det påfølgande reguleringsregime gav ikkje behov for ei slik påbygging. Meir nedtapping med det nye kraftverket kan gje påfølgjande manglande vatningsvatn i Døsjagrovi. Utbyggjar må sørge for vatningsvatn til dei bruka som er nemnde i den gamle avtalen.

Komm.: Reguleringsmagasinet sikrar jamt tilsig til Røssesete. Dette sikrar både tilsig til jamnare kraftproduksjon gjennom året og vasskjeldene i Lustrabygda (sjå rapport om konsekvensar for drikkekjelder). Dette saman med flaumvatn og restfeltet sikrar og vatningsvatn til landbrukseigedomane langs vassdraget.

Merk 3: Dammen på Hellestvatnet er gamal og lite vedlikehald dei siste åra. Endra tappehastigheit vil medføre større påkjenningar på dammen. Ber om at det vert utført full revurdering av denne før drift av kraftverket startar.

Komm.: Sjå Merk 3 til Håkon Fuhr m.fl.

Sak 4: Når vasskjeldene på garden hadde låg vassføring, vart det tidlegare gjeve beskjed til sjukehuset på Harastølen slik at dei kunne sleppe meir vatn på Hellestvatnet. Dei er avhengig av tilførsel frå Røssesete. Fryktar at kjeldene skal gå tomme dersom Hellestvatnet vert tømt tidleg på vinteren og på seinsommaren.

Komm.: Vedlegg 7 i konsesjonssøknaden viser at lågaste nivået i reguleringsmagasinet vil vere på seinvinteren/våren. Reguleringsmagasinet ligg på over 1100 meters høgde og når vinteren går mot slutten her oppe, er det vår og snøsmelting lenger nede. Resttilsiget vil i den perioden vere relativt stort. I resten av året vil vassstanden i reguleringsmagasinet vere stor. Konsekvensane for kjeldene på Døsen er vurdert i fagrapport som liten til middels negative med det planlagde prosjektet.

Sak 5: Den nedste delen av elva har ikkje vore tørr tidlegare trass i at hovudelva har vore tørr. Det skuldast ein bekk som kjem inn. Denne delen er fiskeforande og mange går oppover langs elva. Denne delen er godt synleg frå riksvegen. Fryktar at denne estetisk viktige delen av vassdraget tørkar inn. Det er ikkje teknisk hinder for å legge kraftstasjonen inn til Døsjagrovi.

Komm.: Som det vert påpeika er det deler av året kor Døsjagrovi har veldig lita naturleg vassføring. Basert på fagrapporten om grunnvatnet vil ikkje prosjektet påverke oppkommene og kjeldene i nemneverdi grad. Dermed vil truleg bekken som sikrar vasspegelen renne tilnærma som før. Sjå Merk 3 til Sogn og Fjordane Turlag når det gjeld flytting av kraftstasjon til Døsen.

Kari Lavoll.

Merk 1: Elvi på Røssesete og Skabakkagrovi er viktig for området sørvest for Døsjagrovi. Vatnet vert brukt både til vatning og som drikkevatt. Krev på det sterkaste at utbygginga ikkje medfører endringar av eksisterande vassforsyning.

Komm.: Utbyggjar er klar over at det er mange interesser knytt til utnytting av vatnet i vassdraget. Derfor vart det utarbeidd ein fagrapport om tema. Utbyggjar ynskjer ikkje å påverke negativt eksisterande bruk av vatnet, og utbyggjar ser det som tenleg at ein gjennom opparbeiding av området kan få lagt stabile overføringar (vasslange frå inntaket til Saue) som kan nyttast i tørre periodar. Dette vil gje ein forbetring av situasjonen i forhold til dagens.

Merk 2: Gnr./bnr. 50/1 har køyrerett og rett til å buføre via Harastølen sin eigedom til stølsområdet på Stuagjerdet. Utbygginga må ikkje hindre fri ferdsel mellom

gard og støl.
Komm.: Røyrгатetraseen er planlagt nedgraven og vil ikkje vere til hinder for fri ferdsel. Det er heller ikkje planar om å endre eksisterande vegar.

Harald Hærum og Lars Kalstad.

Merk 1: Eigedomane på sørvestsida av Døsjagrovi har vassrett i Skabakkagrovi. Vatn har vore leia via ei gamal vassveit som vart bygd ca. år 1900 ned mot Gjøng. Tek det som sjølv sagt at det ikkje vert noko endring i terreng eller liknande som kan øydelegga for å leia vatnet frå Skabakkagrovi ned mot Gjøng.
Komm.: Sjå Merk 1 til Kari Lavoll

Marit og Ivar Devold.

Merk 1: Er sterkt bekymra for tap i vasskjeldene som ein er avhengig av på eigedomane. Det kan vere stort sannsyn for at desse vert tørrlagde dersom elva vert lagt i røyr frå Røssesete til Sanatoriekaien.
Komm.: Fagrapporten om konsekvens for lokal vassforsyning viser at vasskjeldene på nordsida av Døsjagrovi har liten kontakt med elva under planlagt inntak (målingar i kjelder både oppstrøms og nedstrøms eigedomen til Devold).

Olav Døsen og Marianne Hauglum (dat. 24.09.07).

Merk 1: Nedtapping av Hellesetvatnet med meir enn 1 meter fører til at det ikkje vert naturleg gyting av fisk. Gyting har berre vore observert dei åra det har vore lite nedtapping i vatnet. Dei siste åra har det vore regelmessig tapping av vatnet og det berre observert fisk frå eit par årsklassar som har vore sett ut av grunneigarane.
Komm.: Hellesetvatnet har vore nytta som reguleringsmagasin i over hundre år og er rekna som eit godt fiskevatn. Eit godt fiskevatn inneber stor fisk. Storleiken på fisken er avhengig av mattilgongen i vatnet og at fiskebestanden ikkje vert for stor. Storleiken på fiskebestanden er avhengig av samanhengen mellom uttak og rekruttering. Eit fiskevatn som ikkje har hatt fast rekruttering kan lett ta skade av for mykje utsetting. Årvisse større regulering vil påverke den naturlege gytinga og ein bør derfor sette ut fisk. Fiskeutsetting bør skje etter ein plan som set ut fisk regelmessig, men ikkje årleg.

Merk 2: Ber om at ei alternativ plassering av kraftstasjonen ved Døsen som leiar vatnet tilbake til utløpet av Døsjagrovi vert vurdert. Det er frå tid til anna observert sjøaura i denne nedre delen og utløp frå kraftstasjonen vil sikre vasspegel i den synlege nedre delen av elva. Falltapet er lite då turbin kan plasserast ved kote 6. Røyrгата kan leggest i gamal veg som ligg tørr og stabilt. Noko lenger røyrгата sparar utbyggjar kostnadar med sanering av taubanestasjon og vegomlegging. Underteikna er grunneigar langs heile alternative trase.
Komm.: Sjå Merk 5 til Sogn og Fjordane Turlag. Sjølv kraftstasjonsplasseringa vil krevje mindre arbeid i den foreslegne justeringa, men røyrгата vil måtte leggest på tvers av fallretinga under ei grov ut. Utbyggjar meiner usikkerheitene om setningar på tvers av røyrгата er for store. Traseen vil måtte gå rett bak eit bustadhus i tillegg til fritidsbustaden til Drægni. Den høge trykklassen stiller høge krav til forankring.

Luster kommune.

- Merk 1:** Ber NVE vurdere om omsøkt minstevassføring er tilstrekkeleg til å sikre vassforsyning for husvatn og jordbruksvatning på begge sider av vassdraget.
- Komm.:** Omsøkt minstevassføring er i tråd med kva som er anbefalt i rapporten om biologisk mangfald. Fagrapporten om konsekvensvurdering for lokal vassforsyning viser at prosjektet har liten konsekvens for dei aller fleste oppkommene i Lustrabygda på grunn av tilsig i grunnen over inntaket på Røssesete.
- Merk 2:** Tidlegare inngått avtalar om vassrettar i området må oppfyllest på forsvarleg måte.
- Komm.:** Utbyggar har hand om alle fallrettar knytt til den påverka delen av vassdraget og rett til å legge røyrgate. Rettar knytt til bruk av vatn til drikkevatt og jordbruksføremål vil og bli følgd opp og sikra med overføring av vatn i røyr.
- Merk 3:** Plassering av kraftstasjonen må avklarast ved utarbeiding av reguleringsplan.
- Komm.:** Utbyggar var innstilt på å utarbeide ein privat reguleringsplan som blant anna skulle omfatte flytting av riksveg. Då bruken av taubanestasjonen ikkje er avklara og det har vore turistplanar på Harastølen som omfattar bruk av området, er det ikkje formålstenleg å planlegge strukturelle endringar i området som del av dette prosjektet. Dermed må ein planlegge plassering av kraftstasjon, tilkomst og arealbehov meg utgangspunkt i situasjonen i dag.
- Merk 4:** Saksutgreiinga til administrasjonen peikar på at ei alternativ plassering av kraftstasjonen ved Døsjatunet bør vurderast.
- Komm.:** Sjå Merk 5 til Sogn og Fjordane Turlag og Merk 2 til Olav Døsen og Marianne Hauglum (dat. 24.09.07).

Sogn og Fjordane fylkeskommune.

- Merk 1:** Fylkesutvalet vedtok ei tilråding at minstevassføring bør aukast til 100 l/s av landskapsmessige omsyn.
- Komm.:** Området rundt Døsjagrovi, frå planlagt inntak til fjorden, er prega av menneskeleg aktivitet og kulturlandskap. Nedre del har stor grad av private einbustadar og oppover er det fleire jordbrukseigedomar med innmark, utmark, granplantefelt og anna skogsterreng. Det går fleire veger og kraftlinjer i området, blant anna veg heilt opp til inntaket og 300 kV linje like over inntaket. Landskapsmessig er området relativt tolerant for tekniske inngrep. Elva er berre delvis synleg, og då frå avstand, men ikkje eit dominerande landskapselement. På grunn av grunnforholda forsvinn elvevatnet i grunnen på einskilte strekningar ved lita vassføring. Landskapsvurderinga til Aurland Naturverkstad i samband med den kommunale planen for små kraftverk peikar på at røyrkata vert synleg til ho gror att. Utbyggar meiner at å auke minstevassføringa har veldig liten positiv effekt på landskapsopplevinga og at omsøkt minstevassføringa gjennom heile året tilfredstillar behovet for det biologiske mangfaldet og lokal vassforsyning.
- Merk 2:** Saksutgreiinga til Fylkesrådmannen omtalar og kulturminna i området. Fylkeskommunen har ikkje registrert automatisk freda kulturminne i prosjektområdet. Nyare kulturminne omfattar heile anlegget til Lyster Sanatorium som er eit sjukehushistorisk storslagent anlegg med nasjonal verdi.

Den gamle kraftstasjonen i jugendstil har og svært høg verdi. Begge dei foreslegne kraftstasjonsplasseringane meiner Fylkesrådmannen er dårlege å bør unngåast. Fylkesrådmannen foresler alternativ plassering ved Døsen gard.

Komm.: Sjå Merk 5 til Sogn og Fjordane Turlag og Merk 2 til Olav Døsen og Marianne Hauglum (dat. 24.09.07) for vurdering av alternativ plassering ved Døsen gard. Utbygger er bevisst dei kulturhistoriske verdiane som ligg i området og ynskjer ikkje å forringe desse. Tvert i mot meiner utbygger at utvikling av eit nytt kraftverk i området vil kunne få "liv" i desse gamle bygningane, anten ved å plassere kraftstasjonen i eksisterande taubanebygg med dei oppgraderingane det vil gje, eller bygge ein ny kraftstasjon i samanheng med den gamle. Utbygger har bevisst ikkje bestemt korleis utforming og endeleg plassering skal vere fordi fagkompetanse må finne løysing som tak vare på vassdragstekniske, kulturminne og estetiske behov som er spesifikke for dette området.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Komm.: Utbygger har ikkje kommentar til høyringsfråsegna.

Åse Bruland Lavoll (dat. 25.06.08).

Merk 1: Etterlyser manglande utgreiing om konsekvensar ved å vere nabo til ny kraftstasjon,

Komm.: Sjå Merk 3 til Åse Bruland Lavoll (dat. 27.08.07)

Merk 2: Etterlyser utgreiing om alternativ plassering av kraftstasjon.

Komm.: Sjå Merk 5 til Sogn og Fjordane Turlag og Merk 2 til Olav Døsen og Marianne Hauglum (dat. 24.09.07). Utbygger har vurdert fleire alternativ og meiner ei justering av rørgatetraseen langs Frudamgrovi vil redusere dei tekniske usikkerheitene som Lavoll peikar på med dei ustabile massane i området. Dette vil minimere påverknaden på denne eigedomen, men måtte krysse den nye tilkomstvegen.

Merk 3: Gjev ikkje løyve til å føre rørgata over eigedomen

Komm.: I samband med etablering av gamle Luster kraftverk, vart det inngått avtale med dåverande eigar om rett til å legge rørgate, oppgradere og juster rørgate over eigedomen. Avtalen gjeld sjølv om dåverande eigar overførte eigedomen til ny eigar. Utbygger vil prøve å kome til minneleg avtale med grunneigar om kompensasjon for belastinga eit slikt byggeprosjekt vil påføre.

Døsjagrovi kraftverk er eit godt økonomisk småkraftverk som er planlagt med utgangspunkt i eksisterande inngrep. På grunn av usikkerheit kring lokal vassforsyning har det vorte utført ei grundig konsekvensutgreiing av Høgskolen i Sogn og Fjordane. Utbygger meiner dette er eit viktig tema som måtte få ein grundig gjennomgang av fagfolk. Vassrettane er viktige for det daglege livet i Lustrabygda og utbygger ynskjer ikkje å ha negativ påverknad på dette. Ei over hundre år gamal historie og gamle avtalar, har gjort arbeidet med å få oversikt utfordrande og utbygger har hatt ynskje om å inngå minnelege avtalar der ting har vore uklare. Plassering av kraftstasjonen er utfordrande på grunn av lite plass, tekniske utfordringar med legging av rørgate og nyare kulturminne. Utbygger ynskjer at endeleg plassering skal skje i dialog med fagkompetanse innan omtala fagfelt."

NVE si vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på 10,25 km² ved inntaket. Middelvassføringa er utrekna til 0,54 m³/s på basis av skalering av tilsigsdata for målestasjonen Feigumfoss, som har relativt lik avrenningskarakteristikk og feltparameter. Avrenninga kan varierer noko frå år til år med dominerande haust- og vårflaumar. Lågaste vassføring er vanleg om vinteren og ved eventuelle tørkeperiodar på ettersommaren/tidleg haust. 5-persentil sommar- og vintervassføring er utrekna til høvesvis 326 l/s og 35 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 20 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 820 l/s og minste driftsvassføring 40 l/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 20 l/s /heile året. I følgje søknaden vil 68 % av tilgjengeleg vassmengd bli nytta til kraftproduksjon

Alle utrekningar på basis av vassdrag med vassføringsmålingar vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ein uvisse på +/- 20 % og at uvissa aukar for små nedbørfelt.

Med ei maksimal slukeevne tilsvarende 151 % av middelvassføringa og foreslått minstevassføring på 20 l/s heile året, vil dette gje ei restvassføring på ca. 150 l/s rett nedstraums inntaket som eit gjennomsnitt over året. Det meste av dette vil komme i flaumperiodar. Dei store flaumvassføringane vert i liten grad påverka av utbygginga. I følgje søknaden vil det vere overløp over dammen 26 dagar i eit middels vått år. I 18 dagar vil vassføringa vere lågare enn summen av minste driftsvassføring og minstevassføring, og difor for liten til at det kan produserast kraft. I slike tilfelle må kraftverket stoppe og heile tilsiget sleppast forbi inntaket.

NVE meiner at omsøkt slukeevne tek vare på noko av vassdraget sin naturlige vassføringsdynamikk ved at det er overløp eit visst tal dagar i året.

Produksjon og kostnader

NVE har kontrollert dei framlagde utrekningane over produksjon, og har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkar sine egne utrekningar.

Kostnadene er basert på tal frå 2007 og må justerast i høve til kostnadsauken som har vore innan anleggs- og elektromekanisk utstyr fram til i dag. Utbyggingsprisen vert såleis noko høgare enn oppgjeve i søknaden.

Reguleringsmagasin

Hellesetvatnet har vore regulert i om lag 100 år basert på manuell styring av tappeanordning ved at luka i dammen vert opna om hausten og magasinet vert nedtappa gjennom vintersesongen. Overløpet på dammen ligg ca kote 1115. Reguleringshøgda er om lag 2,6 m og er avgrensa av ein naturleg terskel omkring 200 m inne i vatnet. Nyttbart vassvolum er utrekna til ca 1,15 mill. m³.

Lokalt er det kome innspel om at reguleringa av Hellesetvatn bør inngå i søknaden for Døsjagrovi kraftverk, medan søkjar ønskjer at eksisterande tapperegime vert vidareført utan endringar.

Så vidt NVE kjenner til ligg det ikkje føre eigen konsesjon etter vassdragslovgjevinga for regulering av Hellesetvatnet. Tiltaket er såleis etablert utan særskilt løyve frå vassdragsmynde, men må sjåast på som eit lovleg anlegg basert på privatrettslege avtalar.

Vatnet frå Hellesetvatnet vert tappa i elveløpet via eit par mindre vatn over ei strekning på knapt 3 km ned til eksisterande inntak på Røssete.

På bakgrunn av det ikkje er søkt om regulering av vatnet og søker opplyser at eksisterande tapperegime skal vidareførast ved ei eventuell utbygging av Døsjagrovi kraftverk, finn NVE ikkje grunnlag for å trekke dette inn i vurderinga av søknaden.

NVE vil elles peika på at reguleringa slik den har blitt praktisert sjeldan medfører tørrlagt elveløp mellom Hellesetvatnet og Røssete som følgje av tilsig frå lokalfeltet nedstraums Hellesetvatnet. På ettersommaren er det normalt overløp frå vatnet. Nedtappinga vert gjort i vintersesongen der verknadene for mellom anna landskapet er lite synleg.

NVE vurderer det også slik at reguleringa av Hellesetvatnet har ein viss energimessig verdi ettersom kraftverket kan driftast om vinteren basert på tappinga frå magasinet.

Dammen i Hellesetvatnet er underlagt offentleg tilsyn etter "Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg" (damsikkerhetsforskrifta). NVE legg til grunn at Harastølen AS, som er eigar av dammen, gjennomfører naudsynt vedlikehald og følgjer eventuelle pålegg frå offentleg styresmakt uavhengig av eventuell utbygging av Døsjagrovi kraftverk.

Kraftstasjon og rørgate

Søklar har planlagt å plassere den nye kraftstasjonen i tilknytning til eksisterande kraftstasjon omkring kote 3 like ved rv 55. Eksisterande kraftstasjon ligg om lag 180 m vest for Døsjagrovi sitt utløp i fjorden, og driftsvatnet har eigen kanal til Lustrafjorden. I søknaden er det også nemnt eit alternativ med ombygging av taubanestasjonen til ny kraftstasjonsbygning ettersom denne ligg like ved den gamle kraftstasjonsbygningen.

Under høyringsprosessen, og etter innspel frå nokre av uttalepartane, er det kome forslag om løysing med plassering av kraftstasjonen ved Døsjagrovi omkring kote 12 på Døsen gard (gnr 47/1). Med denne kraftstasjonsplasseringa vil driftsvatnet bli ført i ein kort kanal tilbake til Døsjagrovi og renne i elveløpet knappe 100 m ned i fjorden.

Søklar har vore i kontakt med grunneigar om mogeleg plassering av kraftstasjonen ved Døsen gard. Flytting av kraftstasjonen inneber også flytting av rørgata i nedre del. Etter ei totalvurdering av både tekniske og privatrettslege tilhøve har søklar i brev av 04.08.2011 (referert ovanfor) gjeve tilbakemelding om at det i handsaminga av omsøkte tiltak skal leggst til grunn plassering av ny rørgate i eksisterande trasé og kraftstasjon på noverande tomt.

Frå eksisterande inntak på Røssete (ca kote 744) er rørgata planlagt nedgraven på austsida av Døsjagrovi ned til om lag kote 500 ved Harastølen der den kryssar elva og etterkvart går inn i traseen for gamal rørgate ned til eksisterande kraftstasjonsbygning ved rv 55. Rørgata vil vidare krysse Frudamsgrovi om lag ved kote 200 og også like ovanfor kraftstasjonen.

Lisida frå fjorden og oppover mot Harastølen er bratt med små flater i terrenget. Med den sterke stigninga som er i terrenget inneber desse små flatene at det langs rørgatetraseen er fjellskrentar med høgde på 15-20 m. Desse skrentane kan vere teknisk vanskelege å passere med ei nedgravd rørgate, og vil medføre til dels omfattande landskapsinngrep med utsprenging og planering av fjell for å fundamentere rørgata og gje tilkomst langs denne for anleggsmaskiner. I tillegg må det påreknast bygging av stikkvegar frå Harastølsvegen og inn til rørgatetraseen. Terrenget tilseier at også desse vegane for ein stor del vil medføre utsprenging/fyllingar for å kome fram med dagens anleggsmaskiner. Etter NVE si vurdering er det fleire tekniske utfordringar med rørgata som følgje av terrengforholda og kryssing av både Døsjagrovi og Frudalsgrovi. Inngrep i lisida mellom fjorden og

Harastølen kan bli omfattande og dels irreversible dersom det ikkje vert teke tilstrekkeleg omsyn til terrengforholda under i ein eventuell anleggsperiode. Det er no etter kvart opparbeidd erfaring med bruk av taubane ved legging av rørgate og ved ein eventuell konsesjon må det, etter NVE sitt syn, setjast krav om at nedre del av rørgata skal leggst med denne metoden for å redusere terrenginngrepa.

Frå Harastølen og oppover til inntaket på Røssete er terrenget mindre bratt, og ei nedgraven rørgate medfører mindre inngrep som kan redusert med moglege avbøtande tiltak.

Søkjar vurderer omsøkte trasé som den beste også ut frå at det er denne traseen som har blitt brukt for det eksisterande kraftverket. Sett i lys av at eksisterande rørgatetrasé vart teken i bruk for om lag 100 år sidan, og at reiskapane/hjelpemiddela som var til rådvelde då og dels fram til 1960-talet var av ein heilt annan karakter enn dagens anleggsreiskap, var det truleg lettast å opparbeide denne traseen. Også plasseringa av kraftstasjonen eit stykke borte frå Døsjagrovi indikerer tidlegare val av rørgaterasé. Ut frå kvar det tidlegare var trong for elektrisk energi har Døsjagrovi blitt utnytta i fleire fall med kraftstasjon ved Harastølen og ved fjorden.

Det er no søkt om å utnytte fallet mellom Røssete og fjorden i eitt kraftverk. Med plassering av inntaket på Røssete, og basert på dagens anleggsteknologi og metodar for vassveggar i små tunneltverrsnitt, framstår eksisterande trasé som noko inngreps- og arealkrevjande med si S-form nedover lisida. Ved ein eventuell konsesjon meiner NVE derfor at moderne boreteknologi, som eit alternativ til nedgraving, bør vurderast nærmare for nedre del av rørgata.

Eksisterande kraftstasjon er plassert ut frå tidlegare val av rørgatetrasé og elles tilpassa utnyttinga av fallhøgda mellom Harastølen og fjorden. Tomta har svært avgrensa areal mellom riksvegen og privat veg, men med lett tilkomst. Ombygging av eksisterande kraftstasjonsbygning, eller eventuelt nybygg på tomta, vil etter NVE si vurdering ikkje vere ei god løysing ut frå arealtrongen som er vanleg for kraftverk på storleik med det omsøkte prosjektet. Det må leggst til grunn eit bygg med alt areal på terrengplan for maskinhall, elektriske anlegg og rom for styringssystem/kontor. Ute må det påreknast noko areal for parkering. Ut frå den avgrensa arealressursen, som også dels er avgrensa av eksisterande vegsystem, er det etter vår vurdering vanskeleg å utvide tomta for å få eit tenleg areal for det nye Døsjagrovi kraftverk. Ved eventuell konsesjon bør det derfor arbeidast vidare med ei alternativ plassering av kraftstasjonsbygningen som også må knytast til ovanfor nemnde alternativ med vassveg i tunnel/borhol.

Etter NVE sitt syn er eit slikt alternativ tilstrekkeleg vurdert som ein del av konsesjonsprosessen, og NVE vil derfor handsame ei slik løysing som del av ei detaljplangodkjenning.

NVE vil også merke at utbygging på eksisterande tomt vil medføre at driftsvatnet frå kraftverket må førast i ny lukka kanal under rv 55 og til fjorden.

Ettersom eit nytt kraftverk blir liggande i nærområdet til bustadhus og fritidsboligar er det frå høyringspartar stilt spørsmål om støynivået frå eit nytt kraftverk. NVE meiner dette i utgangspunktet vil skape få utfordringar når problemstillinga er kjend på planleggsstadiet av kraftstasjonen. Det finst fullgode og ulike typar avbøtande tiltak både knytt til sjølve kraftstasjonsbygningen og det innvendige tekniske utstyret som hindrar støy til omgjevnadene i ein driftsfase.

Det er kome innspel om manglande vurdering i søknaden om elektromagnetiske stråling frå kraftverket i forhold til nærliggande busetnad. Luster Energiverk har henta inn informasjon frå Statens Strålevern om temaet og NVE viser til dette under ”Søkjar sine kommentarar til innkomne uttalar ” som er referert ovanfor. NVE sluttar seg til den informasjonen som kjem fram der.

Naturmangfald

Det er utabeidd eigen rapport om biologisk mangfald.

Naturtypar og artar

Området Lauvhjell sør er eit edellauvskogområde midt i lisida mellom Frudamgrovi og Døsjagrovi med fleire varmekjære artar. I miljørapporten står mellom anna følgjande:

"Karplantefloraen er ikke særlig rik, med mest arter knyttet til blåbærskog og lågurtskog, men også funn av vårerteknapp. Skogen er derimot til dels nokså gammel, med en del store trær (for eksempel lind på opp mot 50 cm i brysthøydiameter) og noe dødt trevirke. Foruten lind, er det også en del gammel bjørk her (også en del døde trær), samt noe osp og gråor. Det er også innslag av furu, gran og edelgran (de to siste forvillet). Av arter så ble den kravfulle arten svovelslørsopp Cortinarius sulfurinus funnet sammen med signalarten fibret slørsopp C. glaucopus, i et bestand av lind og hassel på UTM MP 1709 1262 (i sørvestre del av lokaliteten). I østre del av lokaliteten (rundt UTM MP 1712 1273) var det innslag av noe lungenever Lobaria pulmonaria på trærne. Litt lengre oppe ble den rødlistede arten svart tvillingbeger Holwaya mucida (NT) funnet på en nokså grann lindelåg (UTM MP 1694 1281). I øvre del av lokaliteten ble en hvitryggspett (NT) hørt, helst på matsøk. For øvrig ble arter som svovelmusserong Tricholoma sulphureum og antatt stor parasollsopp Macrolepiota cf procera funnet. Lokaliteten har for øvrig opplagt potensiale for kravfulle og dels rødlistede vedlende insekter, særlig knyttet til boreale lauvtrær som bjørk og osp."

Verdimessig vert lokaliteten vurdert som viktig (B) som følgje av storleik, påviste raudlisteartar og kombinasjonen av gamal/død skog, edellauvtre og terreng. Lokaliteten er likevel vurdert slik at ytterlegare undersøkingar høgst sannsynleg ikkje vil medføre høgare verdi.

Området Lauvhjell vil ikkje bli direkte påverka av omsøkte tiltak ettersom rørgatetraseen ligg vest for området. I rapporten er det ikkje påpeika at sentrale inngrepsområde knytt til inntak, rørgate eller kraftstasjon vil påverke viktige naturtypar eller artar. Eventuelle kortare anleggsveggar fram til rørgate er ikkje framstilt i søknaden/kart. Desse vil i tilfelle bli bygd ut frå eksisterande veg opp til Harastølen, og ut frå foreliggjande invertering er det ikkje funne sjeldne eller trua artar/vegetasjons-typar.

På bakgrunn av at det er forventa små konsekvensar for naturmiljø og biologisk mangfald meiner NVE at ei eventuell utbygging vil vere akseptabel i forhold til dette temaet.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med mynde innan forvaltning av natur, eller som tek avgjerder med verknad for naturen, er pliktige å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova. I NVE si vurdering av søknaden om bygging av Døsjagrovi kraftverk legg vi til grunn reglane i naturmangfaldlova §§ 4 og 5 som dessutan §§ 8-12.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av eventuell påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne gjere vedtak, herunder vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

Av rapporten om biologisk mangfald går det fram at det i influensområdet til Døsjagrovi kraftverk finst viktige biologiske verdiar. Ei eventuell utbygging i Døsjagrovi vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar, artar eller økosystemet gjeve i naturmangfaldlova §§ 4 og 5 dersom det vert gjennomført avbøtande tiltak.

NVE har også sett dette i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. I nærområdet til Døsjagrovi er det gjennomført kraftutbyggingar i nabovassdraget Dalsdalelva med to kraftverk. På motsett side av Lustrafjorden ligg det føre søknad om utbygging av Mordøla småkraftverk. Prinsippet om samla påverknad i naturmangfaldlova § 10 er vurdert, og er ikkje avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12 vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Landskap/friluftsliv/brukarinteresser

I samband med utarbeiding av kommunedelplan for små kraftverk har Luster kommune fått utarbeidd ein særskild rapport om "Kartlegging og verdivurdering av landskap, naturmiljø og kulturmiljø i Luster kommune". I denne rapporten er Døsjagrovi spesifikt omtalt og det er peika på at elva ligg i eit område der mange landskapselement pregar synsinntrykket. Elva er lite synleg i nærområdet, men framstår tydelegare frå fjorden og frå motsett side av denne og då spesielt i vinterhalvåret utan lauv på trea.

Etter NVE sitt syn vil rørgata, og inngrep knytt til infrastruktur for å legge denne, skape størst konflikt med landskapsinteressene ettersom ein vesentleg del av rørgata blir liggande i skogbeltet og i ei eksponert liside. Verknaden av landskapsinngrepet vert også tildels forsterka ved at rørgatetraseen er planlagt i eit par slyngar ned etter lisida. Topografiske forhold medfører omfattande inngrep som følgje av omsøkt teknisk løysing.

Plasseringa av kraftstasjonen på omsøkt areal, eller på eit areal nærmare Døsjagrovi, vil ha liten verknad for landskapet. Men etter NVE sitt syn er det ein vesentleg landskapsmessig skilnad på å sleppe driftsvatnet i lukka kanal direkte på fjorden kontra å sleppe det tilbake i elva ved å plassere kraftstasjon like ved elva omkring kote 12- 15. Dette inneber at det blir tilnærma naturleg vassføring dei nederste 100 m av elva. Ei alternativ plassering av kraftstasjonen vil etter NVE sitt syn derfor ha ein positiv effekt både for landskapet og elvemiljøet. NVE viser elles til vurderingane under "Rørgate og kraftstasjon" ovanfor.

Prosjektet vil ikkje påverke INON-areal som følgje av eksisterande inntak på Røssete og dam/regulering i Hellestvatnet.

Det bratte og delvis ulendte terrenget langs elva og oppover mot Harastølen gjer at det er lite ferdsel utan om vegen og eksisterande stiar. Frå Harastølen og vidare oppover vert terrenget meir ope og flatare med noko større friluftsbuk. Området har størst lokal verdi og konsekvensane for friluftslivet vil etter NVE sitt syn vere størst i ein anleggsperiode.

Fisk og ferskvassøkologi

I søknaden vert det opplyst at Døsjagrovi er tilnærma fisketom på utbyggingsstrekninga, medan det føreligg kjennskap til at fisk finst på dei flatare strekningane på Røssete og i Hellestvatnet. Her foregår det eit meir sporadisk fritidsfiske.

Det er ikkje gjort nærmare undersøkingar av ferskvassøkologien i vassdraget.

Ettersom det eksisterer fisk i dei øvre delane av Døsjagrovi må det påreknast at fisk slepper seg nedover vassdraget, og noko av årsaka til at det er lite fisk på den aktuelle utbyggingsstrekninga har truleg samanheng med vanskelege levevilkår i kombinasjonen mellom fysiske tilhøve i elva og lågvassføring. Etter NVE si vurdering vil ei eventuell utbygging medføre små/uvesentlege konsekvensar for fisk.

Kulturminne

Sogn og Fjordane fylkeskommune peikar på at omsøkte løysing med plassering av kraftstasjon enten på eksisterande tomt eller i bygningen for endestasjon for taubana til Harastølen vil kome i sterk konflikt med kulturminne av høg verneverdi. Fylkeskommunen meiner at hjelpeanlegg, td taubane og kraftverk, som er etablerte i tilknyting til hovudanlegget på Harastølen, må vurderast i ein kulturminnefagleg heilskap, og at anlegget samla sett har høg nasjonal verdi. Fylkeskommunen viser til at det gamle kraftverket er bygd i jugendstil og at området der det er foreslege bygging av ny kraftstasjon er trangt og bør unngåast. Fylkeskommunen peikar vidare på at omsøkte plassering av kraftstasjonen kan medføre at området vert mindre attraktivt for natur- og kulturbasert utvikling i framtida. Ut frå ei kulturminnefagleg vurdering meiner fylkeskommunen at etablering av ny kraftstasjon på omsøkte areal er uheldig og bør unngåast. Som alternativ løysing foreslår fylkeskommunen at ein eventuell kraftstasjon vert flytt austover og nærmare Døsen gard slik at driftsvatnet kan først tilbake til elva og medverke til oppretthalding av både kulturlandskap og biologisk mangfald i området.

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området som vert påverka av ei eventuell utbygging.

NVE vil merke at Harastølen og tilhøyrande anlegg har vore ute av bruk i lengre tid og at trongen for vedlikehald er aukande. Kulturminneverdien er såleis noko redusert utover at bygningar og tekniske installasjonar vitnar om ein epoke i norsk sjukehushistorie.

NVE deler elles fylkeskommunen sine vurderingar om at arealet for omsøkte plassering av kraftstasjon er lite og dels ikkje føremålstenleg ut frå dagens arealtrong for bygningar og uteareal for kraftverk på denne storleik. Derneft vil plassering av ny kraftstasjon inntil/i nærleiken av eksisterande kraftstasjonsbygning etter NVE sitt syn vere utfordrande arkitektonisk.

Innspelet frå fylkeskommunen om konflikt med nyare tids kulturminne aktualiserer etter NVE si oppfatning ytterlegare spørsmålet om flytting av kraftstasjon til ny tomt i området. NVE viser elles til merknadene ovanfor under temaet "rørgate og landskap".

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

I følge søknaden er det ikkje forventa større endringar i vasstemperatur, men mindre vassføring på utbyggingsstrekninga vil samanlikna med naturtilstanden gje noko høgare vasstemperatur om sommaren og litt lågare i kalde periodar om vinteren. Det vert elles vist til at Døsjagrovi det siste 100-året meir eller mindre har blitt "regulert" gjennom tappinga frå Hellestvatnet, og at dette sikrar ein viss vassføring i tørre periodar i vinterhalvåret.

NVE vil merke at omsøkte kraftverk er dimensjonert større enn eksisterande kraftverk og restvassføringa vil bli noko mindre enn den restvassføringa som har eksistert med drift av det gamle kraftverket. Eit redusert restvassføringsvolum kan såleis lettare bli påverka av lufttemperaturen. NVE kan likevel ikkje sjå at dette vil endre vasstemperaturen i eit omfang som gjev større verknad for isforhold og lokalklima i høve dagens situasjon.

Flaum og erosjon

I forhold til flaum og erosjon er det ikkje venta større negative endringar. Eit eventuelt kraftverk vil redusere flaumvassføringa på utbyggingsstrekninga med om lag $0,8 \text{ m}^3/\text{s}$. Den største flaumdempinga ligg i magasineriing i Hellesetvatnet, men ved oppfylt magasin vil flaumvassføringane vere på tilnærma same nivå som i dag.

Etter NVE si vurdering vil eventuell bygging av Døsjagrovi kraftverk medføre ein mindre positiv effekt for flaumvassføringar, men denne effekten vert mindre dess større flaumar som oppstår.

Grunnvatn og vassforsyningsinteresser

Vassforsyninga for husstandane i området rundt Døsjagrovi skjer med uttak frå private brønnar/oppkomer som i det vesentleg er basert på grunnvatn.

Søkjar har fått utarbeidd ein eigen rapport om konsekvensane for lokal vassforsyning ved eventuell utbygging av Døsjagrovi kraftverk. Det er registrert 7 kjelder som forsyner to eller fleire husstandar. I tillegg finn ein kjelder som forsyner enkelthusstandar. Tre av kjeldene ligg i nedbørfeltet til Døsjagrovi, medan resten ligg i nabonedbørfelt. Som grunnlag for rapporten er det gjennomført berggrunns- og hydrogeologisk oversiktskartlegging i influensområdet for utbygginga. I tillegg er det registrert temperatur, leiingsevne og vassnivå i Døsjagrovi og 7 grunnvasskjelder i perioden mars-november 2008.

Registreringane viser vatn i kjeldene med tilnærma konstant og låg temperatur som samanhalde med høg leiingsevne tilseier at vatnet har relativt lang opphaldstid i grunnen. Unntaket er kjelda ved Harastølen som får tilsig frå Døsjagrovi. I følgje rapporten foregår infiltrasjonen til grunnen i hovudsak ovanfor inntaket på Røssete, og eventuell slepping av foreslegen minstevassføring på 20 l/s forbi inntaket vil sannsynlegvis oppretthalde den infiltrasjonen som i dag finn stad på utbyggingsstrekninga. Konsekvensen for grunnvasskjeldene ved ei eventuell utbygging vert i rapporten vurdert som liten negativ med unntak av kjelda på Harastølen der konsekvensen vert sett til middels negativ. I fagvurderinga vert det gjort eit atterhald om moglege verknader for grunnvasskjelder i samband med eventuelt sprengingsarbeid som kan medføre at drenerande sprekker i fjellgrunnen vert midlertidig eller permanent redusert/blokkert.

I uttalane frå private/grunneigarar er vassforsyningsinteressene eit sentralt tema, og fleire fryktar at fråføring av vatn frå Døsjagrovi på strekninga mellom Røssete og fjorden vil skiple tilsiget og endre vasskvaliteten i vasskjeldene. Det vert framhalde at dei etablerte kjeldene gjev god og sikker vassforsyning gjennom året. Utover forsyning til husstandar vert det frå nokre av kjeldene også teke vatn til jordbruksdrift. Vidare vert det vist til avtaler/rettar om uttak av vatn.

NVE noterer at fagvurderingane i tilknytning til undersøkingane saman med generell kunnskap om hydrogeologi konkluderer med at omsøkte utbygging i liten grad vil påverke kvalitative og kvantitative tilhøve ved vasskjeldene. Til grunn for dette er det gjennomført målingar/undersøkingar av grunnvasstilsiget. NVE vurderer registreringsperioden til å vere noko kort, og det kan derfor vere eit spørsmål om dette er tilstrekkeleg for å få kunnskap om mellom anna kapasiteten i tørre år. Erfaringar og kunnskapen om tilsig til kjeldene i tørrårssituasjonar ligg tvillaust hos dei lokale eigarane av vasskjeldene, og NVE tolkar dei mange uttalane om dette temaet slik at vassforsyning til tider har vore utfordrande. Dette vert for så vidt stadfesta også gjennom etableringa av magasinet i Hellesetvatnet, som også har medverka til vassforsyning.

NVE vil elles merke at grunnvassressursen i dette område i det vesentleg oppstår gjennom nedbørsinfiltrasjon og iallfall for dei registrerte kjeldene som ligg lengst borte frå Døsjagrovi. Ut frå

topografiske forhold er det vanskeleg å sjå at vasstanden i Døsjagrovi har avgjerande verknad på andre vasskjelder enn dei som ligg lokalt rundt elveløpet.

NVE vil understreke at vanlegvis vil vassforsyningsspørsmålet i slike saker vere av eit så lite omfang at det ikkje kan seiast å vere ei allmenn interesse. På bakgrunn av dei mange uttalane om temaet i denne saka må vassforsyninga derimot vurderast som ei allmenn interesse. NVE kan likevel ikkje sjå at temaet er avgjerande for konsesjonsspørsmålet ettersom eventuell skade/ulempe kan løyast gjennom avbøtande tiltak. NVE vil merke at ein kvar tiltakshavar i vassdrag må gjere avbøtande tiltak eller rette opp skadar/ulemper forårsaka av vassdragstiltaket, og normalt vil det vere tiltakshavar som må prove at tiltaket ikkje forårsakar den hevda skaden/ulempa. NVE viser til erstatningsansvaret som framgår av vassressurslova § 47.

Konsekvensar av kraftlinje

Ut frå omsøkte plassering av kraftstasjonen er det omkring 30 m til nærmaste trafo for 22-kV kraftleidning, og Døsjagrovi kraftverk er planlagt tilknytt eksisterande nett via nedgrad kabel utan nemneverdige konsekvensar for natur og miljø.

Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging av kraftverk vil gje om lag 19 GWh i eit gjennomsnittssår med søkjar sine føresetnader om slepping av minstevassføring. Denne produksjonsmengda må reknast som relativt mykje for eit småkraftverk. Ei eventuell utbygging vil også medføre betre utnytting av ei eksisterande regulering i Hellestvatnet, og medverke til ein mindre auke i vinterproduksjonen. Utover dette vil ei utbygging gje positiv verknad for lokalt/regionalt næringsliv og generere avgifter/skatt til Luster kommune.

Oppsummering

Det omsøkte kraftverk i Døsjagrovi er basert på reetablering av eit kraftverk som har utnytta fallstrekninga mellom Harastølen og fjorden. For omsøkte kraftverk vert fallhøgda utvida med strekninga mellom Harastølen og eksisterande inntak på Røssete. Utbygginga vil såleis medverke til auka fornybar energiproduksjon.

Lokale og regionale styresmakter er positive til utbygginga, medan interesseorganisasjonar og dels private går i mot omsøkte løysing med plassering av kraftstasjon i tilknytning til eksisterande kraftstasjon.

Konsekvensane for naturmiljøet vert vurdert som små med omsøkte løysing. Landskapsmessig er Døsjagrovi lite synleg i nærmiljøet, men viser meir att frå fjorden og grendene på den andre sida av Lustrafjorden. Etter NVE si vurdering kan nedgraving av rørgate saman med eventuelle stikkvegar frå Harastølsvegen medføre til dels store inngrep, særleg i nedre del av den skogkleddesida. Inngrep som dels vert forsterka med etablering naudsynte hjelpeanlegg i det relativt bratte terrenget i nedre del. NVE meiner derfor at det i nedre del skal leggjast rørgate ved hjelp av taubane, eller at vassvegen vert etablert med boring/borem metode for mindre tverrsnitt.

Med krav om at nedre del av rørgata vert lagt med taubane, eventuelt bora vassveg, finn NVE ikkje grunn til å gå i mot søknaden ut frå landskapsmessige tilhøve.

NVE vurderer vidare at omsøkt kraftstasjonsplassering er planlagt på eit noko avgrensa areal og nært inntil dels særeigne bygningar som i dag må oppfattast til ha kulturminneverdi knytt til sin tidsepoke. Plassering av nytt kraftverket på eksisterande tomt gjer at driftsvatnet må førast direkte i fjorden.

NVE meiner verknadene ved omsøkt løysing er akseptable, men dei negativ konsekvensane kan reduserast ytterlegare ved alternativ plassering av kraftstasjonen nærmare Døsjagrovi. Driftsvatnet kan tilbakeførast til den nedre og flate delen av Døsjagrovi, og vil etter NVE sitt syn medverke til at elva framstår som eit landskapselement i nærmiljøet og kulturlandskapet. Dette samanhalde med omsynet til eksisterande kulturhistoriske bygningar og busetnad tilseier at arbeidet med ei alternativ plassering av kraftstasjonen bør takast opp på nytt, herunder vassveg som borhol på nedre del.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane med omsøkte tiltak er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt og NVE gjev Døsjagrovi Kraftverk BA løyve til bygging av drift av Døsjagrovi kraftverk etter vassressurslova § 8 på nærmare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Energilova

Døsjagrovi Kraftverk BA har framlagt planar om installasjon av elektrisk høgspenitanlegg som inneber om lag 30 m kabel til eksisterande linjenett med spenningsnivå 22-kV.

Normalt vert ein kabel som denne bygd i medhald av netteigar sin områdekonsesjon. Innanfor sin områdekonsesjon skal områdekonsesjonær framlegge planar for ny nettilknyting og ev. forsterking for kommune, fylkeskommune, fylkesmann og andre involverte for uttale. Ved eventuell usemje om løysningar kan områdekonsesjonær legge saka fram for NVE som då vil handsame saka som ein anleggs-konsesjon etter energilova.

Verknadane av linjetilknytinga inngår i NVE si heilskaplege vurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Luster Energiverk er områdekonsesjonær og skal ifølgje søknaden stå for bygging og drift av anlegget. NVE finn det ikkje nødvendig med ein eigen anleggs-konsesjon etter energilova for høgspenntilknyting til 22 kV nett. Nødvendige høgspenitanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Luster Energiverk har som netteigar og områdekonsesjonær gjennom eige skrive knytt til søknaden påpeikt at Døsjagrovi Kraftverk må betale anleggsbidrag for nødvendig opprustning av nettet i området basert på innmata effekt frå kraftverket.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknyting er på plass før byggestart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklara. Slik dokumentasjon må føreligge samstundes med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør konsesjonsvilkåra post 4.

Plan- og bygningslova

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gjev saker som er underlagt konsesjonshandsaming etter vassressurslova fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin

arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

EU sitt vassdirektiv i konsesjonshandsaming hos sektormynde

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon sannsynlegvis ikkje kan produserast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Det er vurdert både kostnader og om det er teknisk mogleg å gjennomføre inngrepet.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Slepping av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetjing av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	540
Alminneleg lågvassføring	l/s	20
5-persentil sommar	l/s	326
5-persentil vinter	l/s	35
Største slukeevne	l/s	820
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	152
Minste driftsvassføring	l/s	40

Tiltakshavar har foreslege slepping av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 20 l/s heile året.

I miljørapporten er minstevassføring i Døsjagrovi vurdert som eit mindre viktig avbøtande tiltak på utbyggingsstrekninga. Dette er grunngeve med stor fallgradient i ei relativt lita elv utan store fossefall og stryk. Biologisk mangfald knytt direkte til elvestrengen vert vurdert til å vere avgrensa.

Fleire av uttalepartane har kome med innspel om at det må sleppast minstevassføring og fylkeskommunen foreslår å auke den til 100 l/s i sommarhalvåret.

I søknaden er 5-percentil sommar (01.05 – 30.09) oppgjeve til 326 l/s. Dette kan synast noko høgt i forhold til middelvassføringa og på bakgrunn av at den delen av nedbørfeltet som drenerer til Hellesetvatnet er borte frå utbyggingsstrekninga under oppfyllinga av magasinet. Vidare er maksimal slukeevne på ca. 150 % av middelvassføringa i eit nedre sjikt av kva som i dag er vanleg å dimensjonere småkraftverk på denne storleik. Ei "forsiktig" maksimal slukeevne vil medføre ein auke i talet på dagar med overløp over inntaksdammen med positiv verknad for miljøet. I eit år med midlare tilsig er det utrekna overløp på inntaksdammen i 73 dagar, medan i eit tørt år er det overløp i 31 dagar.

5-percentil vinter på 35 l/s er relativt lite basert på at reguleringa i Hellesetvatnet vil tilføre Døsjgrovi vatn i vinterperioden, men det er grunn til å peike på at nedbøren i Lusterområdet i vinterhalvåret for ein stor del vil kome som snø og iallfall på høgdenivået ved inntaket på Røsete.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 150 l/s i tida 01.05 - 30.09 og 40 l/s resten av året. Utover å medverke til å oppretthalde naturmiljøet langs elva meiner NVE at minstevassføringa er viktig også av omsyn til vassforsyningsinteressene langs Døsjagrovi. I forhold til søknaden vil fastsett minstevassføring gje ein teoretisk reduksjon i produksjonen på ca 3 GWh/år basert på oppgitt energiekvivalent frå søkjar. Ut frå dette vil samla produksjon vil bli på i overkant av 16 GWh/år. Etter vårt syn er ikkje denne reduksjonen avgjerande for økonomien i prosjektet.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggst fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt for ålmenta med opplysningar om reglane kring slepp av minstevassføring. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

NVE presiserer at start-/stoppkøyring av kraftverket ikkje skal skje. Kraftverket skal køyrast jamt. Inntaksbassenget skal ikkje nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal berre vere små variasjonar i vasstand knytt til opp- og nedkøyring av kraftverket. Dette er primært av omsyn til naturmangfald og mogleg erosjonsfare.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

NVE har ovanfor under "Kraftstasjon og rørgate" peika på at alternativ plassering av kraftstasjon og endra rørgatetrasé/boring av nedre del av vassvegen vil reduserer verknadene for landskap, kulturminne og busetnad i forhold til konsesjonsgitt alternativ. Dersom Døsjagrovi Kraftverk BA innanfor byggefristen på 5 år legg fram planar for alternativ plassering av kraftstasjon/nedre del av vassveg vil NVE handsame dette som ein del av godkjenninga av detaljplanane. Dei endra planane vil i tilfelle bli oversendt Luster kommune for uttale og avklaring i forhold til gjeldande arealplanar.

NVE må før det vert starta utarbeiding av tekniske planar for dam/trykkrør for konsesjonsgitt alternativ ta stilling til konsekvensklasse etter "Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg" (damsikkerhetsforskrifta). Konsekvensklassen er avgjerande for krav til tryggleik i samband med planlegging, bygging og drift av anlegget. NVE tek ikkje til handsaming detaljplanar for landskap og miljø før det er fastsett konsekvensklasse for anlegget.

Tabellen under oppsummerer føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har kome med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Val av alternativ	Konsesjonsgitt alternativ går fram av søknaden.
Inntak	Eksisterande inntak på Røssete ca kote 744 med naudsynt ombygging tilpassa vassveg og teknisk utstyr i Døsjagrovi kraftverk. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Konsesjonen omfattar nedgravd rørgate med rørgatekorridor som synt på kart vedlagt søknaden. I nedre del kan endring av rørgatetrasé, ved eventuell alternativ plassering av kraftstasjonen, godkjennast i detaljplanen. Nedre del av vassveg skal leggjast med taubane. Alternativt kan same strekning godkjennast med borhol. Rørgata skal ikkje påverke edellauvskogområde på Lauvhjell.

Kraftstasjon	Plassering i tilknytning til den gamle kraftstasjonen ved rv 55/endestasjon taubane Harastølen. Alternativ plassering av kraftstasjon kan godkjennast i detaljplan, jf merknad under post 4 ovanfor.
Tal turbinar/turbintype	1 stk peltonturbin.
Veg	Ved bruk av taubane for legging rørgate i nedre del vil trongen for stikkvegar bli redusert. I den grad det vert naudsynt med stikkvegar til rørgatetrasé frå eksisterande veg til Harastølen/Røssete skal slike vere ein del av detaljplanen for landskap/miljø. Stikkvegar skal tilpassast terrenget og tilbakeførast til køyresterkt terreng etter anleggsperioden. Stikkveg med eventuell verdi for framtidig skoghogst/-skogkultur kan oppretthaldast etter avklaring gjennom kommunen. Dersom kraftstasjonen vert plassert på alternativ tomt skal naudsynt vegutløysing vere ein del av detaljplanen.
Avbøtande tiltak	Minstevassføring med måleanordning som skildra ovanfor.
Eventuelt massedeponi	Dersom det oppstår trong for massedeponi ved eventuell flytting av kraftstasjon/boring av vassveg, skal dette godkjennast i detaljplan etter samråd med kommunen.

Det er nemnt i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar godkjent av NVE, inkludert også planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tek nødvendig kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.


Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre forhold

I fleire av uttalane frå private er det gjeve synspunkt på rettar knytt til regulering av Hellestvatn, utnytting av fallhøgde, framføring/legging av rørgate, uttak av vatn og bruk av areal. Dette er tema av privatrettsleg karakter og eventuell usemje/tvist må løysast gjennom tolking av inngåtte avtalar eller gjennom minnelege ordningar. Ein konsesjon etter vassressurslova omfattar primært tiltaket sine verknader i vassdraget i høve offentlege/allmenne interesser.

Vedlegg

Kart



Døsjagrovi Kraftverk BA

Luster kommune
Vassdragnr. 075.6A og B



Utarbeidd av:
Luster Energiverk AS
20. februar 2007

Bygg og anlegg

• Rørgate

Vassdragsteknisk

• Kraftstasjon
• Inntak

Målestokk: 1 : 5000